


STATISTISKE ANALYSER



FOLKERØYSTINGA OM EF AKTIVITET BLANT VELJARANE

THE ADVISORY REFERENDUM
ON NORWAY'S ACCESSION TO THE EC
VOTERS' ACTIVITY

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS
CSLO - NORWAY

STATISTISKE ANALYSER NR. 11



FOLKERØYSTINGA OM EF

AKTIVITET BLANT VELJARANE

THE ADVISORY REFERENDUM
ON NORWAY'S ACCESSION TO THE EC
VOTERS' ACTIVITY

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1974

ISBN 82-537-0395-3

FØREORD

Statistisk Sentralbyrå legg i denne publikasjonen fram ein analyse av den politiske aktiviteten til veljarane i samband med den rådgivande folkerøystinga om norsk medlemskap i EF. Vidare har ein analysert holdningar veljarane hadde til folkerøystinga og meiningar om organisasjonar skipa med sikte på å arbeide for eller mot norsk medlemskap.

Materialet er henta frå den intervjuundersøkinga Byrået gjorde i samband med folkerøystinga. For eit nærare oversyn over denne undersøkinga viser ein til NOS A 544 Folkeavstemningen om EF II. Analysen er laga av universitetsstipendiat Audun Offerdal etter oppdrag av Byrået.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 31. juli 1974

Petter Jakob Bjerve

Gerd Skoe Lettenstrøm

PREFACE

In this publication, the Central Bureau of Statistics presents an analysis of the voters' political activity in connection with the advisory referendum on Norway's accession to the EC. The voters' attitudes towards having a referendum and their opinion about the organizations which were established for working for or against Norwegian membership, have also been examined.

Data from an interview survey conducted by the Bureau in connection with the referendum, have served as basis for the analysis. More findings from this survey are presented in the publication NOS A 544 The Advisory Referendum on Norway's Accession to the EC II.

The analysis has been made by Mr. Audun Offerdal.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 31 July 1974

Petter Jakob Bjerve

Gerd Skoe Lettenstrøm

INNHALD

Tabellregister

	Side
1. Teksttabellar	7
2. Vedleggstabellar	8
I. Innleiing	11
II. Datatilfanget	13
III. Politisk aktivitet i samband med folkerøystinga	14
1. Aktivitet og sosial bakgrunn	17
2. Aktivitet og organisasjonstilknytning	19
3. Relativ verknad av utdanning og medlemskap i parti og organisasjonar	21
4. Aktivitet og røystegiing	24
5. Offentlege og private deltakingsformer	28
IV. Politisk aktivitet og passivitet. Mobilisering frå 1969 til 1972	30
1. Sosial bakgrunn	31
V. Holdningar til folkerøysting og ad hoc-organisasjonar	33
1. Holdning til ad hoc-organisasjonane	34
2. Holdning til folkerøysting	36
3. Holdning og aktivitet	38
Samandrag	41
Samandrag på engelsk	43
Referansar	44
Tabellvedlegg	45
Vedlegg	
1. Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå sidan 1. juli 1973	59
2. Utvalde publikasjonar i serien Statistisk Sentralbyrås Håndbøker (SSH)	63

Standardteikn

- Null

() I tabellane 1-14 og tabellane I-XIII markerer parentesar at relativt stor uvisse knyter seg til tala

CONTENTS

Index of tables

	Page
1. Tables in the survey	9
2. Tables in the appendix	10
I. Introduction	11
II. The material	13
III. Political activity in connection with the referendum	14
1. Activity and social background	17
2. Activity and organizational background	19
3. Relative importance of education and membership of parties and organizations	27
4. Activity and voting behaviour	24
5. Public and private forms of participation	28
IV. Political activity and passivity. Mobilization from Storting elections 1969 to referendum 1972	30
1. Social background	31
V. Attitudes towards referendum and ad hoc-organizations	33
1. Ad hoc-organizations	34
2. Referendum	36
3. Attitudes and activity	38
Summary	41
English summary	43
References	44
Appendix of tables	45
Appendices	
1. Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 July 1973	59
2. Selected publications in the series Statistisk Sentralbyrås Håndbøker (SSH)	63

Explanation of Symbols

- Nil

() In the tables 1-14 and tables I-XIII brackets are used to indicate that an estimate may not be quite reliable

TABELLREGISTER

1. Teksttabellar (basert på materiale henta inn etter folkerøystinga)

	Side
1. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer ved folkerøystinga (A) og Stortingsvalet 1969 (B). Prosent	15
2. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik sosial bakgrunn. Prosent	18
3. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik parti- og organisasjonstilknytning. Prosent	20
4. Samanheng mellom aktivitet, sosial bakgrunn og organisasjonstilknytning i utvalde deltakingsformer. Gammakoeffisientar	21
5. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik utdanning med kontroll for a) medlemskap i parti og b) tal på organisasjonsmedlemskap. Prosent	22
6. Personar med høg aktivitet. Effekt på aktivitetsgraden i utvalde deltakingsformer av a) partimedlemskap i høve til utdanning og b) av tal på organisasjonsmedlemskap i høve til utdanning. Gjennomsnittlege prosentdifferansar for kvar deltakingsform	23
7. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar som røysta ja og personar som røysta nei. Prosent	24
8. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik sosial bakgrunn og røystegiing. Prosent	26
9. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik parti- og organisasjonstilknytning og røystegiing. Prosent	27
10. Samanheng mellom aktivitet, sosial bakgrunn og organisasjonstilknytning i utvalde deltakingsformer blant dei som røysta ja og dei som røysta nei. Gammakoeffisientar	28
11. Samanheng mellom aktivitet og sosial bakgrunn og organisasjonstilknytning innan utvalde deltakingsformer for heile utvalet og kontrollert for røystegiing. Gammakoeffisientar	29
12. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar i ulike aktiviseringsgrupper. Prosent	30
13. Personar i ulike aktiviseringsgrupper etter røystegiing ved folkerøystinga. Prosent	31
14. Personar i ulike aktiviseringsgrupper etter sosial bakgrunn. Prosent	32
15. Holdning til organisasjonar skipa for og mot medlemskap i EF blant personar med ulik sosial bakgrunn, organisasjonstilknytning og røystegiing. Prosent av personar som vurderer organisasjonane positivt	35
16. Holdning til folkerøysting generelt blant personar med ulik sosial bakgrunn, organisasjonstilknytning og røystegiing. Prosent av personar som vil ha folkerøysting oftare	36
17. Holdning til EF-røystinga blant personar med ulik sosial bakgrunn, organisasjonstilknytning og røystegiing. Prosent av personar som meinte avgjerda burde ha vore teken utan folkerøysting	37
18. Holdning til organisasjonane for og mot medlemskap blant personar med ulik grad av aktivitet i offentlege og private deltakingsformer og røystegiing. Prosent av personar med positiv vurdering av organisasjonane	38
19. Holdning til folkerøysting generelt blant personar med ulik grad av aktivitet i offentlege og private deltakingsformer og røystegiing. Prosent av personar med positiv vurdering	39
20. Holdning til folkerøystinga om EF blant personar med ulik grad av aktivitet i offentlege og private deltakingsformer og røystegiing. Prosent av personar med positiv vurdering.....	39

2. Vedleggstabellar (basert på materiale henta inn før folkerøystinga)

	Side
I. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik sosial bakgrunn. Prosent	45
II. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik parti- og organisasjonstilknytning. Prosent	45
III. Samanheng mellom aktivitet, sosial bakgrunn og organisasjonstilknytning i utvalde deltakingsformer. Gammakoeffisientar	45
IV. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik utdanning med kontroll for a) medlemskap i parti og b) tal på organisasjonsmedlemskap. Prosent	47
V. Personar med høg aktivitet. Effekt på aktivitetsgraden i utvalde deltakingsformer av a) partimedlemskap i høve til utdanning og b) av tal på organisasjonsmedlemskap i høve til utdanning. Gjennomsnittlege prosentdifferansar for kvar deltakingsform	47
VI. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar som ville røyste ja og personar som ville røyste nei. Prosent	43
VII. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik sosial bakgrunn og røystegiing. Prosent	43
VIII. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik parti- og organisasjonstilknytning og røystegiing. Prosent	49
IX. Samanheng mellom aktivitet, sosial bakgrunn og organisasjonstilknytning i utvalde deltakingsformer blant dei som ville røyste ja og dei som ville røyste nei. Gammakoeffisientar	50
X. Samanheng mellom aktivitet og sosial bakgrunn og organisasjonstilknytning innan utvalde deltakingsformer for heile utvalet og kontrollert for røystegiing. Gammakoeffisientar ..	51
XI. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar i ulike aktiviseringsgrupper. Prosent	52
XII. Personar i ulike aktiviseringsgrupper etter røystegiing ved folkerøystinga. Prosent ...	52
XIII. Personar i ulike aktiviseringsgrupper etter sosial bakgrunn. Prosent	53
XIV. Holdning til organisasjonar skipa for og mot medlemskap i EF blant personar med ulik sosial bakgrunn, organisasjonstilknytning og røystegiing. Prosent av personar som vurderer organisasjonane positivt	54
XV. Holdning til folkerøysting generelt blant personar med ulik sosial bakgrunn, organisasjonstilknytning og røystegiing. Prosent av personar som vil ha folkerøysting oftare	55
XVI. Holdning til EF-røystinga blant personar med ulik sosial bakgrunn, organisasjonstilknytning og røystegiing. Prosent av personar som meinte avgjerda burde vore teken utan folkerøysting	56
XVII. Holdning til organisasjonane for og mot medlemskap blant personar med ulik grad av aktivitet i offentlege og private deltakingsformer og røystegiing. Prosent av personar med positiv vurdering av organisasjonane	57
XVIII. Holdning til folkerøysting generelt blant personar med ulik grad av aktivitet i offentlege og private deltakingsformer og røystegiing. Prosent av personar med positiv vurdering	57
XIX. Holdning til EF-røystinga blant personar med ulik grad av aktivitet i offentlege og private deltakingsformer og røystegiing. Prosent av personar med positiv vurdering ...	58

INDEX OF TABLES

1. Tables in the survey (based on interview-material collected after the referendum)

	Page
1. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation at the referendum (A) and the Storting elections 1969 (B). Percentages	15
2. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different social background. Percentages	18
3. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different connections to parties and organizations. Percentages	20
4. Correlation between activity, social and organizational background in selected forms of participation. Gammacoefficients	21
5. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons in different educational groups controlling for a) party membership and b) number of memberships in organizations. Percentages	22
6. Persons with high activity. Effect on degree of activity in selected forms of participation of a) party membership compared with education and b) of the number of memberships in organizations compared with education. Mean percentage differences	23
7. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons who voted yes and persons who voted no. Percentages	24
8. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different social background and voting behaviour. Percentages	26
9. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different connections to parties and organizations and different voting behaviour. Percentages	27
10. Correlation between activity, social and organizational background in selected forms of participation among persons who voted yes and persons who voted no. Gammacoefficients	28
11. Correlation between activity and social and organizational background in selected forms of participation for the whole sample and controlled for voting behaviour. Gammacoefficients.	29
12. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons who to a different degree became active between the Storting elections in 1969 and the referendum in 1972. Percentages	30
13. Persons who to a different degree became active between the Storting elections in 1969 and the referendum in 1972 by voting behaviour. Percentages	31
14. Persons who to a different degree became active between the Storting elections in 1969 and the referendum in 1972 by social background. Percentages	32
15. Attitudes towards the organizations founded to work for or against membership of the EC among persons with different social and organizational background and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude towards these organizations	35
16. Attitudes towards referendum in general among persons with different social and organizational background, controlling for voting behaviour. Per cent of persons who would have referendum to be held more often	36
17. Attitudes towards the EC referendum among persons with different social and organizational background and voting behaviour. Per cent of persons who would prefer the decision to be taken without any referendum	37
18. Attitudes towards the organizations founded to work for or against membership of the EC among persons with different degree of activity and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude towards these organizations	38
19. Attitudes towards referendum in general among persons with different degree of activity and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude	39
20. Attitudes towards the EC referendum among persons with different degree of activity and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude	39

2. Tables in the appendix (based on interview-material collected before the referendum)

	Page
I. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different social background. Percentages	45
II. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different connections to parties and organizations. Percentages	46
III. Correlation between activity, social and organizational background in selected forms of participation. Gammacoefficients	46
IV. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons in different educational groups controlling for a) party membership and b) number of memberships in organizations. Percentages	47
V. Persons with high activity. Effect on degree of activity in selected forms of participation of a) party membership compared with education and b) of the number of memberships in organizations compared with education. Mean percentage differences	47
VI. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons who would vote yes and persons who would vote no. Percentages	48
VII. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different social background and voting behaviour. Percentages	48
VIII. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different connections to parties and organizations and different voting behaviour. Percentages	49
IX. Correlation between activity, social and organizational background in selected forms of participation among persons who would vote yes and persons who would vote no. Gammacoefficients ...	50
X. Correlation between activity and social and organizational background in selected forms of participation for the whole sample and controlled for voting behaviour. Gammacoefficients	51
XI. Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons who to a different degree became active between the Storting elections in 1969 and the referendum in 1972. Percentages	52
XII. Persons who to a different degree became active between the Storting elections in 1969 and the referendum in 1972 by voting behaviour. Percentages	52
XIII. Persons who to a different degree became active between the Storting elections in 1969 and the referendum in 1972 by social background. Percentages	53
XIV. Attitudes towards the organizations founded to work for or against membership of the EC among persons with different social and organizational background and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude towards these organizations	54
XV. Attitudes towards referendum in general among persons with different social and organizational background, controlling for voting behaviour. Per cent of persons who would have referendum to be held more often	55
XVI. Attitudes towards the EC referendum among persons with different social and organizational background and voting behaviour. Per cent of persons who would prefer the decision to be taken without any referendum	56
XVII. Attitudes towards the organizations founded to work for or against membership of the EC among persons with different degree of activity and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude towards these organizations	57
XVIII. Attitudes towards referendum in general among persons with different degree of activity and voting behaviour. Per cent of persons who would have referendum to be held more often	57
XIX. Attitudes towards the EC referendum among persons with different degree of activity and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude.....	58

I. INNLEIING

I denne analysen skal vi undersøkje folks politiske deltaking i samband med folkerøystinga om norsk medlemskap i Dei Europeiske Fellesskapa (EF). Eit av hovudspørsmåla vi reiser, vil vere kva som kjenneteiknar dei som engasjerte seg aktivt i folkerøystinga. Særleg vekt vil vi leggje på spørsmålet om i kva grad det var skilnad i den politiske deltakinga mellom ulike sosiale grupper og meningsgrupper.

All forskning omkring samanhengen mellom sosial bakgrunn og politisk deltaking, viser at den politiske deltakinga er ulikt fordelt mellom dei sosiale samfunnsgruppene. Denne skilnaden blir forklart ved dei ulike politiske ressursane som ulik sosial bakgrunn fører med seg, og at personar med relativt store politiske ressursar som t.d. tid, kunnskapar, interesser, er meir politisk aktive enn andre. Det er liten grunn til å vente at vi ikkje også i denne undersøkinga vil få stadfesta den generelle samanheng mellom politiske ressursar og politisk deltaking.

Forskinga som har teke opp desse spørsmåla, har i stor grad vore oppteken av val til nasjonalforsamlingar. Det kan derfor vere interessant å undersøkenoko nærare i kva grad dei ressursane som er viktige for å skjønne aktivitetsnivået til veljarane ved eit stortingsval også er viktige for veljaraktiviteten i samband med ei folkerøysting. Eit hovudtema vil derfor nettopp vere å røkje etter eventuelle skilnader i den politiske deltakinga til ymse veljargrupper mellom folkerøystinga om norsk EF-medlemskap og vanlege stortingsval.

Det er eit vanleg inntrykk at kampanjen i samband med folkerøystinga om norsk medlemskap i EF var meir intens og engasjerte veljarane i større grad enn kva som plar vere tilfelle ved stortingsval. Rett nok var deltakinga i sjølve avrøystinga noko lægre enn valdeltakinga ved dei to siste stortingsvala. Ho var likevel større enn mange hadde rekna med utifrå det innfløkte sakskomplekset folk blei bedne om å ta standpunkt til, og det krysspress den einskilde veljar måtte bli utsett for i denne saka der så mange tradisjonelle skillelinjer kryssa kvarandre.¹⁾

Dei politiske partia og mange organisasjonar var derimot lenge lite aktive i debatten for eller mot norsk medlemskap. Standpunktta til desse organisasjonane kom derfor til å vere ukjende for mange veljarar i ei tid då veljarane sjølve gjorde seg opp ei meining. Samstundes blei det skipa særlege organisasjonar utanom dei etablerte partia og organisasjonane, som arbeidde for kvart sitt syn på norsk medlemskap.

I samband med stortingsval synest medlemskap i politiske parti og andre organisasjonar å vere svært viktig for folks politiske deltaking. Skilnaden mellom folkerøystinga og eit stortingsval i aktiviteten til parti og organisasjonar retta mot veljarane gjer det derfor interessant å studere kor viktig medlemskap i parti og organisasjonar er for folks politiske aktivitet i folkerøystinga samanlikna med stortingsval. Dette gjeld særleg medlemskap i dei politiske partia.

I tillegg til å undersøkjekven som var aktive i folkerøystinga, og kva som særmerkjer desse aktive samanlikna med dei aktive framfor eit vanleg stortingsval, er vi også interesserte i å seie noko om kven som gjennom folkerøystinga blei meir aktive enn tidlegare og eventuelt kven som blei mindre aktive enn før. Her kan vi ikkje direkte samanlikne aktivitetsnivået innan dei ulike deltakingsformene som vi undersøkerelles i artikkelen, fordi vi manglar data om denne deltakinga i 1969. Derimot har vi data om dei som røysta i folkerøystinga og dei som røysta i stortingsvalet i 1969. Vårt spørsmål når det gjeld det vi har kalla aktivisering og passivering blir derfor: Kva særmerkjer dei som røysta i 1972, men ikkje i 1969, dvs. dei som blei aktiviserte, samanlikna med dei som røysta i 1969, men ikkje i 1972, dvs. dei som blei passiviserte, og dei som røysta både i 1969 og i 1972.

1) Krysspress: Når ein person har ofte eller nær kontakt med to eller fleire grupper som har motstridande verdiopfatningar, vil denne personen ofte finne seg sjølv i ein intern personleg konflikt. Vi seier han er i ein krysspress-situasjon. Han kan løyse denne konflikten ved t.d. ikkje å gjere noko val, eller ved å aktivisere seg med sikte på å velje ei eller anna side i konflikten. I begge tilfelle er personen utsett for eit krysspress, men reaksjonen på dette presset er ulik. For ei drøfting av krysspressteoriar, sjå Hellevik (1973).

Tittelen på publikasjonen peikar i retning av at vi er interesserte i å undersøkje politisk deltaking i ei folkerøysting generelt. Det er likevel grunn til å streke under at vi vanskeleg kan skilje dei generelle sidene ved avrøystinga frå dei spesielle som er knytte til sjølv saka folkerøystinga galdt. Vi kan såleis ikkje direkte gi svar på om dei samanhengane vi finn mellom deltaking og sosial bakgrunn i folkerøystinga kjem av at den folkerøystinga vi undersøker var ei folkerøysting om ei viss sak, eller om samanhengane gjeld i alle folkerøystingar utan omsyn til konkret saksinnhald. Meir viktig er det at vi heller ikkje direkte kan seie om eventuelle skilnader i deltakingsmønster mellom folkerøystinga og stortingsvalet kan førast tilbake til dei spesielle eller dei generelle sidene ved folkerøystinga.

Dette har då sjølv sagt konsekvensar for kva høve vi har til å generalisere dei resultatane vi kjem fram til. Innleiingsvis skal vi derfor avgrense resultatane til å gjelde i folkerøystingar med nokolunde tilsvarande kjenneteikn som denne folkerøystinga. Folkerøystinga om EF syntest å vere kjenneteikna av høgt engasjement og interesse mellom veljarane, relativ fråvere av partistandpunkt i byrjinga av kampen om veljarane, og at temaet for avrøystinga etter kvart blei tolka vidare og derfor i realiteten kom til å femne mykje av både utanriks- og innanrikspolitikken, jamvel om det formelle røystetema alltid var ja eller nei til norsk medlemskap i EF.

Vi skal seinare i analysen kome tilbake til kva sider ved folkerøystinga som synest å telje mest for å skjone dei ulike deltakingsmønstra som kjem fram i analysen.

Det siste temaet vi skal ta opp har å gjere med korleis veljarane vurderer bruken av folkerøystingar generelt, og i denne spesielle saka. I samband med dette skal vi også sjå på kva holdningar veljarane har til dei organisasjonane som blei skipa for å organisere tilhengarar og motstandarar. Folkerøysting som politisk institusjon har ofte vore framme i offentlege diskusjonar.¹⁾ Tilhengarane av bindande eller rådgivande folkerøystingar legg vekt på det element av direkte demokrati som ordningane inneber, og det høve veljarane dermed har til også mellom vala å kontrollere dei representantane dei har valt. Motstandarane av folkerøystingar plar peike på at den kontrollen veljarane på denne måten utøver, vil vere spesiell. Folkerøystinga vil gjelde berre eit avgrensa saksområde. Dei meir generelle retningslinene som landet skal styrast etter, vil kome i bakgrunnen.

Jamvel om vi ikkje har høve til å få fram kva grunnngingar veljarane gir for sitt standpunkt til folkerøysting, vil det likevel vere interessant å undersøkje variasjonar i standpunkt mellom ulike veljargrupper. Gitt at veljarane vurderer folkerøysting ut frå kva som tener egne interesser, vil slike variasjonar i alle fall seie noko om kva grupper som ser sine interesser best tent gjennom folkerøystingar. Medan det spørsmålet vi reiste tidlegare, gjekk på kva grupper det er som nyttar det nye høvet for deltaking og politisk innverknad som folkerøystinga representerer, blir spørsmålet her kva grupper som vil la veljarane få denne nye kanalen for politisk deltaking. I denne samanhengen vil vi derfor også sjå på tilhøvet mellom holdning til desse spørsmåla og den politiske aktiviteten til veljarane.

Vi vil ikkje ta opp temaet om kvifor folk røysta som dei gjorde. Dette spørsmålet er sjølv sagt viktig både for dei som vil lære noko om kva faktorar som verkar avgjerande på det standpunkt folk tek til ymse saker, og for dei som ønskjer å tolke røysteresultatet som retningsgivande for den meir generelle politikken som skal eller bør førast her til lands. For nokre inntak til slike spørsmål viser vi til Brox (1973) og Gleditsch (1973). Dessutan gir NOS A 544 eit tabularisk oversyn over grunnar for og mot medlemskap som blei nemnde av dei som blei intervjuva av Statistisk Sentralbyrå i samband med folkerøystinga.

1) For ei drøfting, sjå Sparre Nilson (1972) som gir eit oversyn over dei folkerøystingane som har vore haldne her i landet fram til 1972.

II. DATATILFANGET

Analysen byggjer på opplysningar som blei samla inn av Statistisk Sentralbyrå gjennom ei intervjuundersøking av eit landsomfattande representativt utval av dei røysteføre i alderen opp til 80 år. Utvalet blei delt i to like store delar. Halvparten blei intervjuet rett før og halvparten rett etter folkerøystinga. (Om utvalet, sjå NOS A 544.) Grunnen til denne delinga var at ein på den måten hadde høve til å kontrollere moglege verknader av sjølve resultatet av folkerøystinga på dei svarintervjupersonane gav. Det er vanleg at ein i intervju etter eit val får fleire som svarar at dei røysta med den vinnande parten enn kva det faktiske valresultatet viser. Dette blir kalla "band-wagon"-effekten, og blir forklara med at folk gjerne vil høyre med til den sida som vinn.

Etter at alle data var analyserte, har det vist seg at "band-wagon"-effekten ikkje har gjort større utslag. Grunnen til dette er truleg at meiningane i denne saka har vore så faste. Folk har halde fast ved meiningane sine trass i at det synte seg at dei var i mindretal. Ein medverkande grunn kan også vere at det trass i ein klar vinnende og tapande part likevel var eit relativt jamt resultat.

Det finst ei anna forklaring på det som blir kalla "band-wagon"-effekten enn at han berre er resultat av at folk skifter meining som følgje av valresultatet. Det har vist seg at effekten jamvel også gjer seg gjeldande i utvalsundersøkingar der veljarane blir intervjuet før valet. Også då er det fleire "vinnarar" i utvalet enn valresultatet skulle tyde på. Ei forklaring på dette tilhøvet har vore at ein ved å intervjuet folk før valet er med å gjere desse meir aktive enn dei elles ville ha vore. Ein større del av dei intervjuet vil på det viset fatte interesse for saka enn kva som ville ha vore tilfelle dersom dei ikkje hadde vorte intervjuet. Desse har vore relativt lite interesserte i saka tidlegare. Det er derfor rimeleg å vente at dei lettare enn andre vil bli påverka av dei dominerande holdningar og standpunkt i det miljø dei lever i. Når ein i landsmålestokk har ein vinnande part, vil sjansane for at dei som blir aktiviserte på dette viset skal bli påverka i retning av standpunktet til dei som vinn, vere større enn sjansane for at dei skal bli påverka i retning av standpunktet til den tapande parten. (Clausen 1969). Svara på eit spørreskjema til dei som blei intervjuet før avrøystinga, viste at heller ikkje denne varianten av "band-wagon"-effekten hadde gjort seg gjeldande. Igjen kan dette forklarast med det relativt jamne tilhøvet mellom motstandarar og tilhengjarar.

Dei aller fleste av spørsmåla i dei to delane av undersøkinga viser stort sett dei same svarfordelingane, og er ikkje meir ulike enn at skilnadene kan førast tilbake til at vi har å gjere med to utval av veljarane. For dei fleste føremål kan det derfor forsvarast å nytte heile utvalet som eitt utval.

Når vi likevel ikkje har gjort det i denne artikkelen, men har valt å sjå utvala som to uavhengige utval, har det to grunnar. For det første fordi nokre av spørsmåla i undersøkinga var av den typen der folk skulle gi uttrykk for holdningar og vurderingar. I slike spørsmål vil dei eventuelle effektane vi har nemnt ovanfor lettare gjere seg gjeldande enn i meir faktaprega spørsmål. For det andre, og det er den viktigaste grunnen, vil vi i stor grad leggje vekt på å analysere moglege skilnader mellom dei som røysta nei og dei som røysta ja. Framfor folkerøystinga kunne vi sjølvsagt ikkje vite eksakt kva folk ville røyste jamvel om dei sa dei ville røyste ja eller nei. Dessutan var det mange som svarte at dei ikkje visste kva dei ville røyste. Å kople saman dei to utvala med omsyn til ja- og nei-røysting vil derfor ha visse vanskar knytte til seg som vi veljer å løyse ved å presentere resultatane frå dei to undersøkingane kvar for seg.

I tillegg vil resultatane frå kvar av delane, dersom dei fell saman, tene til å styrkje dei konklusjonane vi kan dra av undersøkinga. Vi er då i den situasjonen at vi finn den same tendens i to uavhengige utval, og sjansane for at desse samanhengane skal vere tilfeldige blir dermed mykje redusert.

I presentasjonen av undersøkinga har vi i tekstdelen valt å vise resultatane frå intervjuet materialet samla inn etter folkerøystinga, medan tabellane i vedlegget viser fordelingane i materialet henta inn før folkerøystinga.

Analysen er først og fremst meint å skulle gi eit oversyn over dei deltakingsmønstra som teiknar seg i materialet. Framstillinga er derfor i liten grad forklarande. Dei forklaringane vi gir på deltakingsmønstra blir ikkje testa mot materialet, men må sjåast på som hypotesar som ein kan teste i seinare analysar av dette og anna materiale om folkerøystinga.

III. POLITISK AKTIVITET I SAMBAND MED FOLKERØYSTINGA

For å underbyggje det generelle inntrykk av stor politisk aktivitet framfor folkerøystinga, skal vi først vise i kva grad den politiske aktiviteten mellom veljarane på visse utvalde område var større ved folkerøystinga enn ved eit vanleg stortingsval.

Willy Martinussen har i artikkelen "Sosial lagdeling og politiske ressurser" (Martinussen 1971) gitt eit oversyn over ulike typar av deltaking blant veljarar framfor valet i 1969. Spørsmåla som blei stilte i den undersøkinga, har ikkje nøyaktig same ordlyd som spørsmåla Byrået stilte i si undersøking.¹⁾ Dei har likevel å gjere med det same slag deltaking, og er ikkje meir ulike enn at ei samanlikning mellom fordelingane frå dei to undersøkingane er mogleg.

Tabell 1 gir fordelingane frå dei to undersøkingane med omsyn til fire utvalde former for deltaking: Deltaking i politiske samtalar, freistnad på å påverke andre gjennom slike samtalar, deltaking i politiske møte og deltaking i politiske aksjonar (underskriftskampanjar, demonstrasjonar o.l.).

1) Spørsmåla i 1969:

a) Vi vil gjerne høre om De har deltatt i politiske diskusjoner eller samtaler framfor valget i år. Hvor ofte pratet De om valget i familien eller med venner og bekjente utenom familien, vil De si daglig, et par ganger i uka, mer sjelden eller aldri? b) Var det noen De forsøkte å få til å stemme på et bestemt parti? c) Var De til stede på noen politiske møter med foredrag, diskusjoner, underholdning osv.? d) Har De noengang gjort noe for å påvirke en avgjørelse i Stortinget?

Spørsmåla i 1972:

a) Hvor ofte vil De si De har snakket med andre i familien eller med venner og bekjente om EF-spørsmålet? Vil De si ofte, ganske ofte, forholdsvis sjelden eller svært sjelden? b) Når De har snakket om EF-spørsmålet med andre som ikke har hatt samme syn som Dem selv, vil De da si at De ofte, av og til eller sjelden eller aldri har prøvd å overtale de andre til å skifte syn? c) Har De deltatt på noe møte der spørsmålet om norsk medlemskap i EF har vært oppe til drøfting? d) Har De deltatt i noen demonstrasjoner, underskriftskampanjer, streiker eller andre former for aksjoner for eller mot norsk medlemskap i EF?

Avviket i spørsmålsformuleringane er størst med omsyn til deltaking i direkte aksjonar. I valundersøkinga blei spørsmåla retta i høve til Stortinget, medan vi i undersøkinga om folkerøystinga ikkje har noka målgruppe for aksjonane. Likevel er det grunn til å tru at Stortinget i stor grad var ei målgruppe ved aksjonar i 1972. Avgjerda i Stortinget var den som skulle påverkast.

Tabell 1. Personar med høg aktivitet. 1) Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer ved folkerøystinga (A) og Stortingsvalet 1969 (B). Prosent *Persons with high activity.* 1) *Degree of activity in selected forms of participation at the referendum (A) and the Storting elections 1969 (B). Percentages*

	A Folkerøystinga A The referendum		B Stortingsvalet 1969 ²⁾ B The Storting elections 1969 ²⁾	
	Prosent Percentages	Talet på personar som svarte Number of respondents	Prosent Percentages	Talet på personar som svarte Number of respondents
<u>Diskusjonar Discussions</u>				
Diskuterte politikk med familie, vener og kjende <i>Discussed politics with family, friends and acquaintances</i>				
A Svært ofte eller ganske ofte <i>A Very often or quite often</i>	68	1 149	53	1 476
B Fleire gonger i veka <i>B Several times a week</i>				
<u>Påverknad Influence</u>				
A Prøvde ofte eller av og til å overtale nokon med motsett syn til å skifte syn <i>A Tried often or now and then to persuade someone to change his view on EC</i>	30	1 149	10	1 476
B Prøvde å få einkvan til å røyste for eit visst parti <i>B Tried to make someone vote for a certain party</i>				
<u>Møtedeltaking Participation in meetings</u>				
A Tok del i møte der EF-saka vart drøfta <i>A Participated in meetings where the EC-issue was discussed</i>	13	1 149	9	1 476
B Tok del i offentlege politiske møte <i>B Participated in public political meetings</i> ...				
<u>Aksjonsdeltaking Participation in political actions</u>				
A Tok del i demonstrasjonar, underskriftskampanjar, streikar eller andre former for politisk aksjon <i>A Participated in demonstrations, petitions, strikes or other forms of political actions</i>	7	1 149	1-2	1 476
B Skapte opinion ved opprop, underskriftskampanjar, agitasjon, o.l. <i>B Influenced the opinion by petitions, agitation, etc.</i>				

1) Høg aktivitet = I samtalar: Dei som svarar svært ofte eller ganske ofte. I påverknad: Dei som seier dei prøvde ofte eller av og til. I møtedeltaking: Dei som seier dei har teke del i møte om EF. I aksjonsdeltaking: Dei som seier dei har teke del i aksjonar i samband med folkerøystinga.

2) Kjelde: Martinussen 1971.

1) *High activity = In discussions: People answering very often or quite often. In influence: People saying that they tried often or now and then. In participation in meetings: People saying that they participated in meetings where the EC-issue was discussed. In participation in political actions: Persons saying that they participated in demonstrations, petitions, strikes or other forms of political actions in connection with the referendum.* 2) *Source: Martinussen 1971.*

For alle dei fire formene for deltaking viser tabellen at aktiviteten til veljarane var markert større ved folkerøystinga enn ved stortingsvalet tre år tidlegare.

Den absolutte skilnaden mellom prosenttala er størst med omsyn til deltaking i politiske samtalar og freistnader på å påverke andre. Høvetalet mellom prosent aktive i folkerøystinga og prosent aktive ved stortingsvalet viser derimot størst skilnad for påverknad av andre og deltaking i politiske aksjonar. ¹⁾ Det var om lag tre gonger så stor del av veljarane som engasjerte seg på dette viset før folkerøystinga samanlikna med stortingsvalet. Relativt sett er det derfor desse to formene for deltaking som har auka mest.

Dei fire formene for deltaking kan delast langs to hovuddimensjonar. For det første skil dei seg frå kvarandre langs ein offentleg - privat dimensjon idet samtalar med vener og kjente og påverknad av andre gjennom slike samtalar har ein meir privat karakter enn deltaking i møte og politiske aksjonar. For det andre kan vi dele deltakingsformene langs ein aktiv - passiv dimensjon. Freistnad på å påverke andre og deltaking i aksjonar synest å vere meir aktive deltakingsformer enn møtedeltaking og samtalar, som er mindre forpliktande og ikkje utan vidare seier noko om den einskilde sitt standpunkt andsynes andre eller ønske om at andre tek same standpunkt som ein sjølv.

Dei deltakingsformene vi undersøker, skulle då kunne plasserast slik langs desse to dimensjonane:

	Privat	Offentleg
Passiv	1 Samtalar	3 Møtedeltaking
	A - B (68 - 53) = 15	A - B (13 - 9) = 4
	A/B (68/53) = 1,3	A/B (13/9) = 1,4
Aktiv	2 Påverknad	4 Aksjonsdeltaking
	A - B (30 - 10) = 20	A - B (7 - 2) = 5
	A/B (30/10) = 3,0	A/B (7/2) = 3,5

A = folkerøystinga B = stortingsvalet 1969

Den aktive - passive dimensjonen vil ha å gjere med kor mykje det kostar for den einskilde veljar av politiske ressursar som tid, kunnskapar, sosialt mot o.l. å ta del i det politiske liv. Di meir aktiv deltakinga er, di større vil desse kostnadene vere. Som ein kunne vente, er det derfor ein tydeleg tendens i tabellen til at dei aktive deltakingsformene blei mindre nytta framfor både folkerøystinga og stortingsvalet enn dei meir passive.

Den private - offentlege dimensjonen vil også kunne seiast å ha å gjere med kostnader, men då kanskje i større grad i meininga kva ein må betale heller enn kor mykje. Medan det vil vere turvande med visse kunnskapar og overteljingsgaver for å kunne påverke andre gjennom samtalar, vil t.d. tilgjengeleg tid og sosialt mot visseleg vere viktigare for å kunne ta del i møte, aksjonar o.l. Samstundes vil høvet til å nytte offentlege deltakingsformer også vere avgrensa av kor mange offentlege tilskipingar som blir arrangerte. At det er færre som tek del i dei offentlege enn i dei private deltakingsformene kan derfor forklarast både ut frå skilnader i fordeling av visse ressursar, og i ulike sjansar for i det heile å kunne nytte visse deltakingsformer.

I klassifiseringsskjemaet har vi sett inn den absolutte og relative auken i deltakinga frå stortingsvalet til folkerøystinga. Den absolutte auken i prosentpoeng har vore størst for private deltakingsformer der også den aktive forma har auka noko meir enn den passive. Den relative auken varierer derimot ikkje langs den private - offentlege dimensjonen, men berre langs den passive - aktive, med størst auke i dei aktive deltakingsformene.

I den vidare drøftinga kunne det for visse føremål ha vore naturleg å handsame dei fire ulike deltakingsformene under eitt i form av ein indeks ²⁾ for politisk deltaking. Indeksen ville ha målt kor mange av dei ulike formene for deltaking veljarane har engasjert seg i. Materialet viser at det er rundt ein tredel av utvalet som ikkje har engasjert seg i nokon av dei fire områda. Om lag den same delen av veljarane har vore aktiv på eitt område, medan den siste tredelen har vore aktiv på to eller fleire område. Berre 3 prosent av dei som blei intervjuja, gav uttrykk for aktivitet på alle fire områda.

1) For ei drøfting av bruken av absolutte og relative prosentdifferansar, sjå Galtung (1969), side 198-204.

2) Indeks: Samansett mål for dei eigenskapane som inngår i ei problemstilling, i dette tilfelle for politisk deltaking.

Når vi likevel ikkje vel å nytte ein slik deltakingsindeks, er det fordi denne indeksen ville femne om ulike deltakingsformer. I ein analyse av skilnader mellom sosiale grupper og mellom dei som røysta for og dei som røysta mot norsk medlemskap i EF, er det ikkje utan vidare gitt at deltakingsmønstra ville vere dei same for alle deltakingsformene. Det er såleis ikkje urimeleg å vente at t.d. skilnaden mellom ulike sosiale grupper ville vere større for deltaking i politiske aksjonar enn for deltaking i samtalar med vener og kjente, fordi dei ressursane som trengst for auka aktivitet ville vere ujamt fordelte mellom ulike sosiale grupper (Jfr. Martinussen 1973). Dei skilnadene vi får fram ved å slå saman aktiviteten i alle deltakingsformene ville vere ein gjennomsnittsskilnad, som nok ville gi ein rett tendens under føresetnad av at mønsteret i skilnadene er det same for alle deltakingsformene. I dei tilfella der mønstra avvik mykje frå kvarandre, eller også er heilt motsette, til dømes ved at personar med låg sosial status engasjerte seg meir enn personar med høg sosial status på eitt område, medan det motsette er tilfelle på eit anna område, ville bruk av ein slik indeks vere heilt misvisande. Det ville då kome fram berre små skilnader i analysen, som ikkje har rot i dei faktiske tilhøva.

I det følgjande skal vi derfor analysere dei ulike deltakingsformene kvar for seg. Det er framleis berre personar med høg aktivitet vi ser på. Prosenten for låg deltaking finn ein ved å trekkje oppgjeven prosent frå 100.

1. Aktivitet og sosial bakgrunn

I tabell 2 er det gitt eit samla oppsett for heile utvalet over korleis aktiviteten i dei fire formene for deltaking varierer mellom ulike sosiale grupper. Vi har vidare rekna ut både den absolutte skilnaden (D) og høvetalet (H) mellom gruppene. Dette er gjort fordi ein i kommentarar til tabellar som viser skilnader mellom grupper, ofte nyttar snart det eine og snart det andre målet på skilnad utan at det er gjort eksplisitt greie for kva mål for ulikskap eller samanheng ein refererer til. For vårt føremål synest høvetalet å vere det beste målet. Det viser kor stor del av ei gruppe som har høg aktivitet på eit visst område sett i høve til ei anna gruppe. Eit høvetal på 2 mellom t.d. menn og kvinner viser såleis at det er dobbelt så mange menn som kvinner som er aktive på dette området. Ein viss prosentdifferanse kan derimot gjelde vidt ulike relative skilnader avhengig av kvar på prosentskalaen ein gjer samanlikninga. Den absolutte skilnaden mellom 10 og 5 vil vere like liten som skilnaden mellom 80 og 75. Vi skal bruke begge mål på skilnad, men vil leggje mest vekt på høvetalet mellom gruppene.

Tabell 2 viser, slik som vi har venta, at personar med dei relativt sett minste ressursane er minst aktive på kvart einskilt av dei deltakingsområda som er undersøkte. Kvinner er mindre aktive enn menn, personar med berre folkeskole er mindre aktive enn personar med lengre skolegang bak seg, og den same tendens finn vi mellom dei ulike inntektsgruppene.

Det er likevel grunn til å peike på den store aktiviteten til dei unge. Til vanleg plar dei unge vere mindre aktive enn dei middelaldrande, men framfor folkerøystinga ser det ut til at dei har vore meir aktive. Også i folkerøystinga var det rett nok slik at ein mindre del av dei unge nytta røysteretten, men på dei områda vi har undersøkt, var dei likevel meir aktive enn dei eldre veljarane.

Den noko paradoksale skilnaden mellom valdeltakinga og den høge aktiviteten til dei unge, kan tolkast på to måtar. Som nemnt i innleiinga, er det viktig når ein undersøker kven som er aktive, å skilje mellom ulike deltakingsformer. Aktivitet på eitt område inneber ikkje utan vidare aktivitet på eit anna område. Dessutan kan skilnaden mellom deltakinga til dei unge i sjølve folkerøystinga og deltakinga i samtalar, møte o.l. nettopp sjåast på som alternative former for deltaking. Ein del av desse unge, dvs. dei som røysta i folkerøystinga, har tidlegare ikkje vore røysteføre. Dei kan likevel ha vore aktive i samtalar, aksjonar, o.l. i samband med vala. Det kan derfor tenkjast at ei hindring for ei form for deltaking ikkje utan vidare fører til passivitet generelt, men, for visse grupper, tvert om til auka aktivitet på andre område.

Tabell 2. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik sosial bakgrunn. Prosent *Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different social background. Percentages*

	Samtalar <i>Discussions</i>	Påverknad <i>Influencing others</i>	Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	Aksjons- deltaking <i>Participation in actions</i>	Talet på personar som svarte <i>Number of respondents</i>
<u>Kjønn Sex</u>					
Menn <i>Males</i>	67	38	19	10	579
Kvinner <i>Females</i>	56	24	7	4	563
D <i>D</i>	11	14	12	6	
H <i>H</i>	1,20	1,58	2,71	2,50	
<u>Alder Age</u>					
Under 30 år <i>years</i>	70	41	19	12	238
30-49 år <i>years</i>	65	31	14	7	421
50 år og over <i>years and over</i> ...	55	25	8	4	483
D under 30 år - 50 år og over <i>D</i>	15	16	11	8	
H <i>H</i>	1,27	1,64	2,38	3,00	
<u>Utdanning Education</u>					
Folkeskolenivå <i>Primary school level</i>	55	24	8	3	846
Over folkeskolenivå <i>Above primary school level</i>	80	49	27	18	295
D <i>D</i>	25	25	19	15	
H <i>H</i>	1,45	2,04	3,38	6,00	
<u>Inntekt Income</u>					
Under kr. 30 000	55	27	10	5	547
Kr. 30 000-49 900	64	31	14	6	436
Kr. 50 000 og over <i>and over</i>	81	44	21	16	159
D kr. 50 000 og over - under kr. 30 000 <i>D</i>	26	17	11	11	
H <i>H</i>	1,47	1,63	2,10	3,20	

Samanliknar vi derimot med resultat som undersøkingar av stortingsval er komne til med omsyn til samanhengar mellom deltakingsformer og alder, finn vi at også sjølve folkerøystinga synest å ha hatt noko å seie for aktiviteten blant dei unge. I boka "Fjerndemokrati" viser W. Martinussen (Martinussen 1973, tab. 9.4, s. 258) at ved valet i 1969 var dei unge meir aktive enn dei eldre når det galdt diskusjon og påverknad av andre, men ikkje når det galdt deltaking i politiske aksjonar. Mangelen på røynsle frå politiske aksjonar var størst mellom dei unge, medan vi altså i samband med folkerøystinga finn at dei unge er mest aktive også på dette området.

I samband med folkerøystinga tyder materialet på at det særleg er aktiviteten til dei aller yngste veljarane som fører til skilnaden mellom unge og eldre i heile utvalet. Når vi undersøker aktiviteten på desse ulike områda til dei som ikkje hadde røysterett i 1969, men som røysta i 1972, dvs. dei av dei nye røysteføre som nytta røysteretten, finn vi at denne gruppa har dei fleste aktive av alle røystegruppene. Heile 77 prosent av dei aller yngste hevdar at dei ofte har teke del i

samtalar med vener og kjente om EF-saka, 59 prosent seier dei har freista å påverke andre, 35 prosent har teke del i møte og 14 prosent har vore med i aksjonar av ulike slag. Desse prosentane ligg langt over dei tilsvarende tala for personar under 30 år i tabell 2 og også for dei andre grupperingane i denne tabellen.

Det er og eit anna trekk ved tabell 2 som det er verdt å merke seg. Dette har å gjere med graden av ulikskap mellom dei sosiale gruppene. Vi ser at for kvar deltakingsform er det utdanninga til veljarane som gir dei største både relative og absolutte skilnadene, medan kjønn og inntekt jamt over gir mindre skilnad. Vidare syner det seg at di meir aktive og offentlege deltakingsformene er, di større blir dei relative skilnadene mellom gruppene. Dei mest markante utslaga gir utdanningsvariabelen. Medan om lag ein halv gong så stor del av personar med meir enn folkeskole tek del i samtalar, er det seks gonger så stor del av denne gruppa som tek del i aksjonar samanlikna med personar som berre har folkeskoleutdanning.

I tabell 1 var det dimensjonen aktiv - passiv som gjorde størst utslag med omsyn til auke i aktivitet frå stortingsvalet til folkerøystinga. Når det derimot gjeld skilnader mellom sosiale grupper i samband med folkerøystinga, går skiljet i første rekkje mellom offentlege og meir private deltakingsformer. Kort oppsummert kan vi derfor seie at di større politiske ressursar veljarane har, di oftare vil dei engasjere seg aktivt, og di meir offentlege og aktive deltakingsformene er, di større vil skilnaden mellom personar med store og små ressursar vere.

2. Aktivitet og organisasjonstilknytning

På same måte som folks sosiale bakgrunn seier noko om kva for politiske ressursar dei har til rådvelde, vil den tilknytning dei har til organisasjonslivet i form av medlemskap i politiske parti og andre organisasjonar også kunne vurderast som ein politisk ressurs. Veljarane kan anten aktivisere seg i parti og organisasjonar for å nå visse mål, eller dei kan bli aktiviserte gjennom slike organisasjonar. I begge tilfelle vil medlemskap i organisasjonar kunne verke som ressurs for veljarane.

I samband med folkerøystinga vil det vere interessant å få kartlagt i kva grad det var ein samanheng mellom medlemskap i parti og organisasjonar og den politiske deltakinga til veljarane. Ofte fekk ein jo nettopp inntrykk av gjennom samtalar og elles gjennom debattar i massemedia at mykje av den aktivitet som fann stad i samband med folkerøystinga, gjekk utanom dei etablerte partia. Fleire av partia hadde store vanskar ved at dei var kløyvde i spørsmålet om norsk medlemskap i EF og derfor etter måten kom seint i gang med eigen aktivitet med sikte på å vinne opinionen for sitt standpunkt.

I tabell 3 har vi gitt eit oversyn over samhengane mellom parti og organisasjonstilknytning og dei fire deltakingsformene. Samla for alle veljarane viser det seg at di sterkare tilknytning veljarane har til partia, og di fleire organisasjonar dei er medlemmer av, di oftare er dei aktive i dei fire deltakingsformene. Men samhengane er ikkje så sterke som ein skulle ha venta på bakgrunn av dei samhengane vi har vist ovanfor mellom sosial bakgrunn og deltaking. Dei sistnemnde samhengane har i andre undersøkingar vist seg å vere langt mindre enn samhengene mellom organisasjonstilknytning og deltaking (Martinussen 1971 og 1973). Med eitt unntak er skilnadene, både dei relative og dei absolutte, om lag like store mellom veljarane gruppert etter tilknytning til parti og organisasjonar og veljarane gruppert etter sosial bakgrunn. Unntaket gjeld møtedeltakinga til veljarane. For denne deltakingsforma gir den tilknytning veljarane har til organisasjonslivet større utslag enn sosial bakgrunn. Det er om lag fem gonger så mange av dei som er med i to eller fleire organisasjonar som har teke del i møte i samband med folkerøystinga samanlikna med dei som ikkje er medlem av nokon organisasjon.

Det kan også vere verdt å peike på at dei direkte aksjonane med sikte på å påverke opinionen i nokon mon ser ut til å ha gått utanom parti og organisasjonar. Rett nok er det fleire partimedlemmer og organisasjonsmedlemmer enn ikkje-medlemmer som har teke del i direkte aksjonar, men desse variablane gir ikkje større utslag enn den sosiale bakgrunnen til veljarane. Dette er særleg interessant fordi ei undersøking frå eit vanleg stortingsval gir det motsette resultat. W. Martinussen har i den tidlegare

refererte artikkelen vist at "tilgangen på kommunikasjonskanaler via medlemskap i politiske organisasjoner (er) av størst betydning for den politiske aktivitet. Særlig er sammenhengene tydelig mellom disse faktorene og politisk kommunikasjon, politisk representasjon og deltaking i politiske aksjoner". (Martinussen 1972).

Tabell 3. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik parti- og organisasjonstilknytning. Prosent *Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different connections to parties and organizations. Percentages*

	Samtalar <i>Discussions</i>	Påverknad <i>Influencing others</i>	Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	Aksjonsdeltaking <i>Participation in actions</i>	Talet på personar som svarte <i>Number of respondents</i>
<u>Partimedlemskap</u> <i>Membership of a political party</i>					
Ja <i>Yes</i>	72	43	30	17	146
Nei <i>No</i>	60	29	10	6	996
D <i>D</i>	12	14	20	11	
H <i>H</i>	1,20	1,48	3,0	2,83	
<u>Organisasjonsmedlemskap</u> <i>Membership of organizations</i>					
0 <i>0</i>	56	24	5	3	493
1 <i>1</i>	58	31	12	8	331
2 eller fleire <i>or more</i>	75	42	26	12	318
D 2 eller fleire - 0 <i>D</i>	19	18	21	9	
H <i>H</i>	1,34	1,75	5,20	4,0	

Undersøkinga til Martinussen viser at utdanninga til veljarane betyr langt mindre for deltaking i direkte politiske aksjonar enn medlemskap i parti og organisasjonar.

Denne skilnaden mellom folkerøystinga og stortingsvalet kan målast ved gammakoeffisienten ¹⁾ som er eit vanleg mål på samanhengen mellom variablar av den typen vi analyserer her. Han varierer frå -1 til +1 og gir uttrykk for i kva grad visse kjenneteikn eller eigenskapar ved ei eining er tilstades samstundes. Ein positiv samheng tyder at eigenskapane har ein tendens til å vere tilstades samstundes. Di nærare +1 gammakoeffisienten er, di sterkare er denne tendensen. Tilsvarande er tendensen til at eigenskapane ikkje er å finne samstundes sterkare di nærare -1 samanhengen er.

1) Gammakoeffisient: Statistisk mål for samheng mellom to variablar. Målet fortel kor sterk tendensen er til at visse verdiar på dei to variablane førekjem saman. I ein firefeltstabelle:

a	b
c	d

er gamma definert ved $\frac{ad - bc}{ad + bc}$

Ved stortingsvalet var sammenhengen mellom direkte politiske aksjonar og medlemskap i politiske parti 0,56 målt ved gammakoeffisient, medan sammenhengen med aksjonsdeltaking var 0,52 for medlemskap i yrkesorganisasjonar og 0,28 for utdanning. Dei tilsvarende gammakoeffisientar i vårt materiale er 0,56 for partimedlemskap, 0,42 for talet på organisasjonsmedlemskap og heile 0,73 for utdanning.

Det viser seg at ikkje berre har aktiviteten generelt auka frå stortingsvalet til folkerøystinga, men det er også andre grupper som har aktivisert seg. Særleg synest skilnadene å vere store mellom dei to avrøystingane med omsyn til kva verknad utdanninga til veljarane har. Dei som var aktive, synest med andre ord å ha vore betre utdanna ved folkerøystinga enn ved stortingsvalet.

I tabell 4 har vi sett opp gammakoeffisienten mellom dei fire deltakingsformene og den sosiale bakgrunn og organisasjonstilknytning til veljarane. Tabellen gir i konsentrert form eit samandrag av drøftinga ovanfor.

Tabell 4. Samanheng mellom aktivitet, sosial bakgrunn og organisasjonstilknytning i utvalde deltakingsformer. Gammakoeffisientar ¹⁾ *Correlation between activity, social and organizational background in selected forms of participation. Gammacoefficients ¹⁾*

	Samtalar <i>Discussions</i>	Påverknad <i>Influencing others</i>	Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	Aksjonsdeltaking <i>Participation in actions</i>
Kjønn <i>Sex</i>	0,175	0,286	0,513	0,439
Alder <i>Age</i>	-0,139	-0,204	-0,289	-0,363
Utdanning <i>Education</i>	0,367	0,463	0,588	0,725
Inntekt <i>Income</i>	0,306	0,190	0,265	0,330
Org.medlemskap <i>Membership of organizations</i>	0,209	0,247	0,546	0,418
Partimedlemskap <i>Membership of a political party</i>	0,206	0,275	0,584	0,559

1) Utrekna på grunnlag av 1 142 observasjonar.

1) *Calculated on the basis of 1 142 observations.*

3. Relativ verknad av utdanning og medlemskap i parti og organisasjonar

Drøftinga til no har vist at di større politiske ressursar veljarane har, di oftare er dei aktive. I så måte er resultatet frå folkerøystinga det vi kunne vente ut frå undersøkingar av stortingsval. Derimot tykkjest den relative verknaden av dei ulike variablane å vere ein noko annan ved folkerøystinga enn ved stortingsvalet. I denne samanheng skal vi sjå nærare på verknaden av utdanninga til veljarane sett i høve til medlemskap i politiske parti og talet på organisasjonsmedlemskap.

I stortingsvalet viser Martinussen (Martinussen 1971, 1972, 1973) at utdanninga til veljarane hadde mindre å seie for kor aktive dei var i valkampen enn medlemskap i parti og organisasjonar. Våre tal tyder på at det motsette var tilfelle i folkerøystinga. Men i og med at det er ein viss samanheng mellom utdanninga til veljarane og medlemskap i organisasjonar ¹⁾, må vi kontrollere samhengane nærare. Dette har vi gjort i tabell 5 som viser samanhengen mellom aktivitet og utdanning kontrollert for talet på organisasjonsmedlemskap. Vi har og kontrollert for medlemskap i parti, jamvel om det har liten samanheng med utdanninga til veljarane (gamma: 0,088).

1) Samanhengen mellom utdanning og tal på organisasjonsmedlemskap er 0,318 uttrykt ved gammakoeffisient. Mellom utdanning og partimedlemskap er han berre 0,088.

Tabell 5. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik utdanning med kontroll for a) medlemskap i parti og b) tal på organisasjonsmedlemskap. Prosent *Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons in different educational groups controlling for a) party membership and b) number of memberships in organizations. Percentages*

a)	Partimedlem <i>Member of a political party</i>		IKkje partimedlem <i>Not member of a political party</i>	
	Folkeskole- nivå <i>Primary school level</i>	Over folkeskole- nivå <i>Above primary school level</i>	Folkeskole- nivå <i>Primary school level</i>	Over folkeskole- nivå <i>Above primary school level</i>
Samtalar <i>Discussions</i>	63	95	54	78
Påverknad <i>Influencing others</i>	35	62	23	47
Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	22	50	6	23
Aksjonsdeltaking <i>Participation in actions</i>	(9)	38	3	14
Talet på personar som svarte <i>Number of respondents</i>	104	42	742	253
	A	B	C	D

b)	Medlem av 0 eller 1 org. <i>Member of 1 or no organization</i>		Medlem av 2 eller fleire org. <i>Member of 2 or more organizations</i>	
	Folkeskole- nivå <i>Primary school level</i>	Over folkeskole- nivå <i>Above primary school level</i>	Folkeskole- nivå <i>Primary school level</i>	Over folkeskole- nivå <i>Above primary school level</i>
Samtalar <i>Discussions</i>	68	86	52	76
Påverknad <i>Influencing others</i>	30	58	23	42
Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	19	38	(4)	20
Aksjonsdeltaking <i>Participation in actions</i>	5	24	(3)	13
Talet på personar som svarte <i>Number of respondents</i>	649	132	193	119
	A	B	C	D

Eit raskt oversyn viser at både partimedlemskap og talet på organisasjonsmedlemskap har verknad for aktivitetsnivået uavhengig av utdanninga til veljarane. Høg utdanning gir utslag på aktivitetsnivået både mellom dei som er medlemmer av partia og mellom dei som ikkje er det. Samstundes er aktivitetsnivået større mellom partimedlemer enn mellom ikkje-partimedlemer, både når veljarane har låg og høg utdanning. Det tilsvarande gjeld for høvet mellom utdanning og kor mange organisasjonar veljarane er medlemmer av.

Ei meir nøyaktig lesing av tabellen viser likevel at det er utdanninga til veljarane som har mest å seie for kor aktive dei er. Eit talmessig uttrykk for effekten av utdanninga i høve til kvar av dei to andre variablane, får vi ved å ta den gjennomsnittlege prosentdifferansen av dei samanlikningane vi i røynda gjer når vi les tabellen (jfr. Hellevik (1971), side 226-230). Dersom vi let kolonnane i tabellen vere merka med dei bokstavane som står under kvar kolonne, vil effekten av utdanninga bli: $1/2 [(B - A) + (D - C)]$, medan effekten av partimedlemskap (eventuelt tal på organisasjonsmedlemskap) blir: $1/2 [(A - C) + (B - D)]$

Tabell 6 viser at med unntak for møtedeltaking har utdanninga til veljarane meir å seie for aktiviteten i alle deltakingsformer enn medlemskap i parti. Det tilsvarande er tilfelle for utdanning sett i høve til tal på organisasjonsmedlemskap. På grunn av den ulike prosentdelen som er aktiv i dei ulike deltakingsformene, vil samanlikningane vere gyldige berre innan kvar deltakingsform. Det vil derfor ikkje vere rett ut frå denne tabellen å seie at utdanninga har større verknad for deltaking i samtalar enn for deltaking i politiske aksjonar.

Vi har også kontrollert verknaden av variablane ved å samanlikne gammakoeffisienten for samanhengen mellom to av dei når vi kontrollerer for den tredje. Desse kontrollane viser at verknaden av utdanninga er om lag den same for partimedlemer som for ikkje-partimedlemer, og for dei som er medlemmer av to eller fleire organisasjonar som for dei som berre er medlemmer av 1 eller ingen organisasjon. Det viser seg også at partimedlemskap har betydning for aktiviteten både mellom personar med høg og personar med låg utdanning. Derimot blir gammakoeffisientane langt mindre når vi kontrollerer for utdanning i samanhengen mellom aktivitetsnivå og tal på organisasjonsmedlemskap. Dette tyder på at den sterke samanhengen som det er i tabell 4 mellom tal på organisasjonsmedlemskap og aktivitet er falsk, og at det er utdanninga som er viktigast for å skjøne dei samhengane som den tabellen viser.

Tabell 6. Personar med høg aktivitet. Effekt på aktivitetsgraden i utvalde deltakingsformer av a) partimedlemskap i høve til utdanning og b) av tal på organisasjonsmedlemskap i høve til utdanning. Gjennomsnittlege prosentdifferansar for kvar deltakingsform ¹⁾ *Persons with high activity. Effect on degree of activity in selected forms of participation of a) party membership compared with education and b) of the number of memberships in organizations compared with education. Mean percentage differences ¹⁾*

	Samtalar <i>Discussions</i>	Påverknad <i>Influencing others</i>	Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	Aksjonsdeltaking <i>Participation in actions</i>
a)				
Effekt av partimedlemskap <i>Effect of membership of a political party</i>	13,0	13,5	21,5	15,0
Effekt av utdanning <i>Effect of education</i>	28,0	25,5	22,5	20,0
b)				
Effekt av tal på organisasjonsmedlemskap <i>Effect of number of memberships of organizations</i>	13,0	14,5	16,5	6,5
Effekt av utdanning <i>Effect of education</i>	21,0	23,5	17,5	14,5

1) Sjå tekst side 22.

1) See text page 22.

4. Aktivitet og røysteging

Medan vi til no har undersøkt i kva grad deltaking har samanheng med sosial bakgrunn og organisasjonstilknytning for veljarane samla, skal vi i denne delen vise i kva grad det var skilnader i deltaking mellom motstandarar og tilhengarar av norsk medlemskap i EF. Deltakingsnivået mellom motstandarar og tilhengarar vil bli vurdert. I tillegg skal vi undersøke om vi innan kvar av desse to røystegruppene finn att dei samhengane som vi viste mellom deltakingsform, sosial bakgrunn og organisasjonstilknytning i heile materialet.

Tabell 7. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar som røysta ja og personar som røysta nei. Prosent *Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons who voted yes and persons who voted no. Percentages*

	Samtalar <i>Discussions</i>	Påverknad <i>Influencing others</i>	Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	Aksjons- deltaking <i>Participation in actions</i>	Talet på personar som svarte <i>Number of respondents</i>
Ja <i>Yes</i>	71	45	14	6	457
Nei <i>No</i>	62	25	15	10	505
D <i>D</i>	9	20	- 1	- 4	
H <i>H</i>	1,15	1,80	0,93	0,60	

Tabell 7 viser korleis aktiviteten i dei fire deltakingsformene varierer mellom veljarar med ulik røysteging ved folkerøystinga. Det går fram at dei to veljargruppene har aktivisert seg i ulik grad i dei fire deltakingsformene. Ein større del av dei som røysta ja ved folkerøystinga enn dei som røysta nei, seier dei ofte har teke del i samtalar om EF-spørsmålet, og at dei også har prøvd å påverke andre gjennom slike samtalar. Derimot er det ein større del av motstandarane som har teke del i politiske aksjonar, medan møteaktiviteten ser ut til å ha samla like stor tilslutnad i dei to grupperingane. Det er altså ein tendens i materialet til at ein større del av motstandarane er aktive i det vi har kalla dei offentlege deltakingsformene, medan tilhengarar av medlemskap i større grad har vore aktive i dei meir private deltakingsformene.

Samstundes gir også den aktive - passive dimensjonen utslag idet skilnaden mellom røystegruppene er størst med omsyn til freistnad på å påverke andre og deltaking i politiske aksjonar.

Vi greier ikkje å forklare skilnadene mellom tilhengarar og motstandarar med dei data som står til rådvelde. Freistnad på å seie noko om dette må derfor bli spekulasjonar. Ei mogleg forklaring på det ulike deltakingsnivået mellom dei to meiningsgruppene når det gjeld freistnad på å påverke andre, kan vere å finne i den ulike situasjonen dei to grupperingane var i framfor folkerøystinga. Heilt frå meiningsmålingane tok til å stille spørsmål til veljarane om deira standpunkt til norsk medlemskap i EF har motstandarane mot medlemskap vore i majoritet mellom dei veljarane som har gjort seg opp ei meining om spørsmålet. (Hellevik og Gleditsch 1972). Og jamvel om avstanden mellom tilhengarar og motstandarar blei mindre, var situasjonen like fram til folkerøystinga at det var tilhengarane som måtte endre opinionen i retning av sitt standpunkt. Oppgåva til motstandarane var å halde på det fleirtalet dei alt hadde.

Det var derfor kan hende ikkje så urimeleg at dei som kjende seg i mindretal i større grad enn dei som kjende seg i fleirtal, freista påverke andre gjennom samtalar. Det er denne deltakingsforma som mest direkte tar sikte på å påverke andre. Det gjer nok også aksjonsdeltaking, men påverknaden er der meir indirekte. Dessutan har vel aksjonar, demonstrasjonar o.l. også andre føremål enn akkurat å endre eller påverke standpunkt. Motivet kan t.d. vere å rette søkjelyset mot eit lite påakta spørsmål eller å demonstrere den talmessige styrken bak eige standpunkt.

Ei supplerande forklaring på skilnad mellom tilhengarar og motstandarar både med omsyn til aktivitet med sikte på å påverke andre og med omsyn til deltaking i aksjonar o.l. kan vere å finne i dei sosiale skilnadene mellom tilhengarar og motstandarar, og kva sosiale grupper som nyttar seg av dei ulike deltakingsformene. Det er rimeleg å vente at personar med relativt høg sosial status har lettare for å engasjere seg i freistnader på å påverke andre så vel som i aksjonar av ulike slag. Derimot vil det vere vanskelegare for personar med låg sosial status å prøve å påverke andre gjennom samtalar. Lettare vil det vere å delta i aksjonar som ikkje i den grad krev så konkrete og formelle kunnskapar som det å skulle overtale andre. Slike mål på sosial status som inntekt og utdanning viser begge at dei som røysta nei har relativt lågare status enn dei som røysta ja. Dette skal vi kome tilbake til i det følgjande.

a. Sosial bakgrunn, aktivitet og røysting

Det går fram av tabell 8 at samanhengen mellom deltakingsform og røystegging kjem til syne for alle dei sosiale grupperingane vi undersøker. Når det gjeld dei private deltakingsformene, var dei som røysta ja etter måten meir aktive enn dei som røysta nei, utan omsyn til kva sosial gruppering dei høyrde til. Samstundes var motstandarane av medlemskap innan alle sosiale grupper meir aktive i dei offentlege deltakingsformene enn tilhengarane.

Vi finn likevel att hovudtendensen frå tabell 2 med omsyn til samanhengen mellom aktivitet og politiske ressursar. Både mellom motstandarar og tilhengarar gjeld det for alle deltakingsformer at personar med størst ressursar også er mest aktive. Unnataket er i denne tabellen, som for heile materialet, skilnaden mellom aldersgruppene. Dei unge er meir aktive enn dei eldre på alle område utan omsyn til kva standpunkt dei tok i folkerøystinga.

Når vi ser på den verknaden dei einskilde sosiale bakgrunnskjenneteikna har for deltakinga, er det visse skilnader mellom motstandarar og tilhengarar. Innan tilhengargruppa synest sosial bakgrunn å gi mindre skilnad enn for veljarane samla. Særleg gjeld dette med omsyn på folks utdanning der både den absolute prosentdifferansen (D) og høvetalet (H) er mindre med unnatak for deltaking i politiske aksjonar. For denne deltakingsforma blir mønsteret frå tabell 2 forsterka idet utdanning og inntekt gir relativt større utslag mellom dei veljarane som røysta ja enn i det samla materialet.

Mellom motstandarane av medlemskap blir detmønsteret vi fann for veljarane samla forsterka for dei tre første deltakingsformene. Samanhengen mellom sosial bakgrunn og aktivitet blir derimot mindre for deltaking i politiske aksjonar. Dessutan ser vi også at storleiken på inntekta til veljarane har langt mindre å seie for aktiviteten blant motstandarar enn blant tilhengarar.

Ei samanlikning av tilhengarar og motstandarar viser altså at dei sosiale skilnadene relativt sett er noko større innan den gruppa som røysta nei enn mellom dei som røysta for medlemskap. Dette gjeld for deltaking i samtalar, freistnad på å påverke andre gjennom slike samtalar og deltaking i møte. Skilnaden mellom dei sosiale gruppene er derimot mindre med omsyn til deltaking i direkte politiske aksjonar. Samanliknar vi kva dei ulike sosiale bakgrunnsvariablane har hatt å seie, viser det seg at inntektsvariabelen avvik frå mønsteret idet han gir mindre sosiale skilnader for motstandargruppa enn for tilhengargruppa. Grunnen til dette er truleg å finne i skilnadene i røystegging mellom by og land og mellom tettstad og spreiddbygde område. Dessutan synest inntekt å vere ein relativt dårleg indikator på sosial status, og dermed på politiske ressursar i primærnæringane.

Tabell 8. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik sosial bakgrunn og røysteging. Prosent *Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different social background and voting behaviour. Percentages*

		Røysta ja <i>Voted yes</i>				Røysta nei <i>Voted no</i>					
		Samtalar <i>Dis-</i> <i>cussions</i>	På- verknad <i>Influ-</i> <i>encing</i> <i>others</i>	Møtedel- taking <i>Parti-</i> <i>cipation</i> <i>in</i> <i>meetings</i>	Aksjons- del- taking <i>Parti-</i> <i>cipation</i> <i>in</i> <i>actions</i>	Talet på per- sonar som svarte <i>Number</i> <i>of</i> <i>respon-</i> <i>dents</i>	Samtalar <i>Dis-</i> <i>cussions</i>	På- verknad <i>Influ-</i> <i>encing</i> <i>others</i>	Møtedel- taking <i>Parti-</i> <i>cipation</i> <i>in</i> <i>meetings</i>	Aksjons- del- taking <i>Parti-</i> <i>cipation</i> <i>in</i> <i>actions</i>	Talet på per- sonar som svarte <i>Number</i> <i>of</i> <i>respon-</i> <i>dents</i>
Kjønn <i>Sex</i>											
Menn <i>Males</i>	75	53	19	9	234	68	30	22	14	272	
Kvinner <i>Females</i> ..	66	35	9	(3)	221	55	17	8	(6)	233	
D <i>D</i>	9	18	10	6		13	13	14	8		
H <i>H</i>	1,14	1,51	2,11	3		1,24	1,77	2,75	2,33		
Alder <i>Age</i>											
Under 30 år <i>years</i>	80	49	(16)	(8)	75	73	45	26	19	115	
30-49 år <i>years</i> .	73	45	17	8	178	67	26	16	8	180	
50 år og over <i>years and over</i> ..	65	43	11	(3)	202	51	13	9	7	210	
D under 30 år - 50 år og over <i>D</i> .	15	6	5	5		22	32	17	12		
H <i>H</i>	1,23	1,14	1,45	2,67		1,43	3,46	2,89	2,71		
Utdanning <i>Education</i>											
Folkeskolenivå <i>Primary school</i> <i>level</i>	63	38	10	(1)	295	56	18	9	6	398	
Over folkeskole- nivå <i>Above</i> <i>primary school</i> <i>level</i>	86	57	22	14	160	82	45	41	26	106	
D <i>D</i>	23	19	12	13		26	27	32	20		
H <i>H</i>	1,37	1,50	2,20	14		1,46	2,50	4,56	4,33		
Inntekt <i>Income</i>											
Under kr. 30 000.	61	43	12	(3)	160	60	25	12	9	274	
Kr. 30 000-49 900	72	42	14	(3)	191	61	22	17	11	190	
Kr. 50 000 og over <i>and over</i> ..	85	52	18	17	104	78	32	31	(13)	41	
D kr. 50 000 og over - under kr. 30 000 <i>D</i> ...	24	9	6	14		18	7	19	4		
H <i>H</i>	1,39	1,21	1,50	5,67		1,30	1,28	2,58	1,44		

b. Organisasjonstilknytning, aktivitet og røysteging

Samanhengen mellom den organisasjonsmessige tilknytninga til veljarane og politisk aktivitet ser ut til å halde seg både mellom dei som røysta ja og dei som røysta nei. Medlemskap i ulike organisasjonar aukar sjansane for stor aktivitet innan alle deltakingsformer, og relativt meir innan dei offentlege enn innan dei private. Størst verknad har organisasjonsmedlemskap for deltaking i politiske møte. Dette utslaget er størst mellom motstandarar av medlemskap.

Det viser seg vidare at innan kvar gruppe gir utdanninga større utslag enn dei ulike formene for organisasjonstilknytning med unntak for møtedeltaking der medlemskap i organisasjonar synest å vere meir viktig enn utdanning. På nytt ser vi at verknaden av utdanningsvariabelen for den politiske aktiviteten til veljarane har auka frå stortingsvalet til folkerøystinga. Vi skimtar dermed to grupper aktive veljarar, og kanskje mest markert mellom motstandarane av medlemskap, nemleg veljarar med høg utdanning og veljarar som er medlemmer av ein eller annan organisasjon. Denne skilnaden kjem ikkje så mykje av at samanhangen mellom parti- og organisasjonsmedlemskap og aktivitet har minka frå stortingsvalet til folkerøystinga, som av at det har vore ein uventa stor auke i samanhangen mellom utdanning og aktivitet.

Tabell 9. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik parti- og organisasjonstilknytning og røysteging. Prosent *Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different connections to parties and organizations and different voting behaviour. Percentages*

	Røysta ja <i>Voted yes</i>					Røysta nei <i>Voted no</i>				
	Samtalar <i>Dis-</i> <i>cussions</i>	På- verknad <i>Influ-</i> <i>encing</i> <i>others</i>	Møtedel- taking <i>Parti-</i> <i>cipation</i> <i>in</i> <i>meetings</i>	Aksjons- del- taking <i>Parti-</i> <i>cipation</i> <i>in</i> <i>actions</i>	Talet på per- sonar som svarte <i>Number</i> <i>of</i> <i>respon-</i> <i>dents</i>	Samtalar <i>Dis-</i> <i>cussions</i>	På- verknad <i>Influ-</i> <i>encing</i> <i>others</i>	Møtedel- taking <i>Parti-</i> <i>cipation</i> <i>in</i> <i>meetings</i>	Aksjons- del- taking <i>Parti-</i> <i>cipation</i> <i>in</i> <i>actions</i>	Talet på per- sonar som svarte <i>Number</i> <i>of</i> <i>respon-</i> <i>dents</i>
<u>Partimedlemskap</u> <i>Membership of a political party</i>										
Ja <i>Yes</i>	80	57	30	(14)	66	73	34	37	25	63
Nei <i>No</i>	70	42	11	6	389	60	24	13	8	442
D <i>D</i>	10	15	19	8		13	10	24	17	
H <i>H</i>	1,14	1,36	2,73	2,33		1,22	1,42	2,85	3,13	
<u>Organisasjons- medlemskap</u> <i>Membership of organizations</i>										
0	65	36	(6)	(4)	181	54	18	(5)	7	212
1	64	42	11	(2)	129	66	29	17	10	151
2 eller fleire <i>or more</i>	85	58	27	12	145	69	29	28	14	142
D 2 eller fleire - 0 <i>D</i>	20	22	21	8		15	11	23	7	
H <i>H</i>	1,31	1,61	4,50	3,0		1,28	1,61	5,60	2,0	

I tillegg til dei etablerte kanalane for politisk deltaking opna folkerøystinga for nye kanalar for deltaking gjennom ulike ad hoc-organisasjonar. Ein ikkje urimeleg hypotese på bakgrunn av dei samanhengane vi har vist, vil derfor vere at folkerøystinga har gjort deltakinga lettare for veljarane, men at det er dei mest utdanna gruppene av veljarane som i størst grad har gjort seg nytte av dette høvet til auka deltaking.

I tabell 10 har vi sett opp gammakoeffisientane for korrelasjonane mellom dei ulike sosiale bakgrunnsvariablane, organisasjonstilknyttinga og den politiske aktivitet til veljarane. Tabellen gir i konsentrert form eit samandrag av drøftinga ovanfor.

Tabell 10. Samanheng mellom aktivitet, sosial bakgrunn og organisasjonstilknytting i utvalde deltakingsformer blant dei som røysta ja og dei som røysta nei. Gammakoeffisientar¹⁾ *Correlation between activity, social and organizational background in selected forms of participation among persons who voted yes and persons who voted no. Gammacoefficients¹⁾*

	Samtalar <i>Discussions</i>	Påverknad <i>Influencing others</i>	Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	Aksjonsdeltaking <i>Participation in actions</i>
a) Røysta ja <i>Voted yes</i>				
Kjønn <i>Sex</i>	0,120	0,314	0,434	0,481
Alder <i>Age</i>	- 0,142	- 0,048	- 0,181	- 0,358
Utdanning <i>Education</i>	0,322	0,310	0,443	0,819
Inntekt <i>Income</i>	0,348	0,099	0,158	0,642
Org.medlemskap <i>Membership of organizations</i> .	0,227	0,302	0,579	0,329
Partimedlemskap <i>Membership of a political party</i>	0,285	0,294	0,548	0,531
b) Røysta nei <i>Voted no</i>				
Kjønn <i>Sex</i>	0,226	0,336	0,525	0,456
Alder <i>Age</i>	- 0,224	- 0,491	- 0,376	- 0,374
Utdanning <i>Education</i>	0,410	0,552	0,674	0,719
Inntekt <i>Income</i>	0,115	0,002	0,298	0,158
Org.medlemskap <i>Membership of organizations</i> .	0,268	0,305	0,683	0,570
Partimedlemskap <i>Membership of a political party</i>	0,283	0,259	0,608	0,606

1) Utrekna på grunnlag av 454 ja- og 503 neiobservasjonar.

1) *Calculated on the basis of 454 "yes"- and 503 "no"-observations.*

5. Offentlege og private deltakingsformer

Som det har gått fram av drøftinga ovanfor, er det ein tendens i materialet til at tilhengarane har vore meir aktive enn motstandarane i det vi har kalla private deltakingsformer. Motstandarane derimot har vore meir aktive enn tilhengarane i dei offentlege deltakingsformene.

For å vise desse skilnadene klårare har vi bygd opp to indeksar for desse hovudformene for politisk deltaking, og har vist samanhengen mellom desse to deltakingsformene og den sosiale og organisasjonsmessige bakgrunnen til veljarane samla og innan kvar røystegruppe.

Begge indeksane har vi bygd opp ved å sjå kor mange av dei to deltakingsformene innan kvar hovudform veljarane har vore aktive i. Indeksen for privat deltaking er såleis samansett av deltaking i samtalar og freistnad på å påverke andre gjennom slike samtalar. Verdiane på indeksen varierer frå 0 til 2, der dei som ofte har teke del i samtalar og også har freista påverke andre har indeksverdien 2, dei som berre har teke del i samtalar eller berre har freista påverke andre har verdien 1. Verdien 0 er gitt dei som ikkje har teke del i samtalar om norsk medlemskap i EF.

Tilsvarande varierer indeksen for dei offentlege deltakingsformene frå 0 til 2 der verdien 2 tyder at veljarane både har teke del i møte og politiske aksjonar. Verdien 1 er gitt dei som har teke del anten i møte eller i aksjonar, og verdien 0 tyder at veljarane korkje har vore aktive ved møte-deltaking eller deltaking i politiske aksjonar.

For at ikkje lesarane skal bli overlessa med tabellar har vi her nøygd oss med å vise gamma-koeffisientane for samanhangen. Resultata er vist i tabell 11.

Tabell 11. Samanheng mellom aktivitet og sosial bakgrunn og organisasjonstilknytning innan utvalde¹⁾ deltakingsformer for heile utvalet og kontrollert for røysteging. Gammakoeffisientar
Correlation between activity and social and organizational background in selected forms of¹⁾ participation for the whole sample and controlled for voting behaviour. Gamma coefficients

	Privat Private	Offentleg Public
a) Heile utvalet <i>The whole sample</i>		
Kjønn <i>Sex</i>	0,252	0,462
Alder <i>Age</i>	- 0,209	- 0,257
Utdanning <i>Education</i>	0,481	0,618
Inntekt <i>Income</i>	0,223	0,311
Organisasjonsmedlemskap <i>Membership of organizations</i> ...	0,212	0,445
Partimedlemskap <i>Membership of a political party</i>	0,372	0,358
b) Røysta ja <i>Voted yes</i>		
Kjønn <i>Sex</i>	0,284	0,429
Alder <i>Age</i>	- 0,124	- 0,194
Utdanning <i>Education</i>	0,429	0,563
Inntekt <i>Income</i>	0,164	0,277
Organisasjonsmedlemskap <i>Membership of organizations</i> ...	0,259	0,451
Partimedlemskap <i>Membership of a political party</i>	0,276	0,487
c) Røysta nei <i>Voted no</i>		
Kjønn <i>Sex</i>	0,294	0,462
Alder <i>Age</i>	- 0,385	- 0,312
Utdanning <i>Education</i>	0,538	0,691
Inntekt <i>Income</i>	0,038	0,267
Organisasjonsmedlemskap <i>Membership of organizations</i> ...	0,170	0,412
Partimedlemskap <i>Membership of a political party</i>	0,244	0,621

1) Utrekna på grunnlag av a) 1 123, b) 454 og c) 493 observasjonar.

1) Calculated on the basis of a) 1 123, b) 454 and c) 493 observations.

Skilnaden mellom tilhengarar og motstandarar med omsyn til deltaking i dei to hovudformene kjem klårt til uttrykk ved bruk av dei to indeksane. Prosentdelen som har verdien 2, dvs. som har teke del i begge aktivitetane innan kvar hovudform, varierer for privat deltaking frå 40 prosent mellom tilhengarane til 21 prosent mellom motstandarane og 10 prosent mellom dei som ikkje røysta ved folkerøystinga. Dei tilsvarande tala for den offentlege deltakingsforma er 3, 6 og 1 prosent.

Samanhangen mellom sosial og organisasjonsmessig bakgrunn og deltaking kjem også fram i tabell 11. For materialet samla kjem dei to skilnadene vi har peika på mellom resultata av denne analysen av folkerøystinga og av tidlegare analysar av stortingsvalet klårt fram. Utdanninga til veljarane spelar ei langt større rolle enn organisasjonstilknytninga ved folkerøystinga, samstundes som den kurvelineære samanhang som det vanlegvis er mellom alder og deltaking, ikkje kjem til syne i dette materialet.

Framfor folkerøystinga var det tvert om dei unge som var mest aktive i begge hovudformer for politisk deltaking og ikkje berre i samtalar som ved stortingsvalet i 1969.

Desse tendensane finn vi att innan kvar av røystegruppene. Det er likevel tydeleg at det innan motstandsgruppa er eit større avvik både med omsyn til kor mykje utdanninga har å seie i høve til organisasjonsmedlemskap og med omsyn til aktiviteten til dei unge. Den negative samanhengen mellom alder og deltaking er størst mellom dei som røysta nei.

Vi skal kome tilbake til dette når vi undersøker kven av veljarane som synest å ha blitt aktiviserte gjennom folkerøystinga ved at dei har røysta i 1972, medan dei sat heime ved stortingsvalet i 1969.

IV. POLITISK AKTIVITET OG PASSIVITET. MOBILISERING FRA 1969 TIL 1972

Ovanfor er det vist kva for grupper som var mest aktive i to hovudtypar deltaking framfor folkerøystinga om medlemskap i EF. I denne delen skal vi sjå på kva for grupper som er blitt aktiviserte frå 1969 til 1972 og kven som er blitt passiviserte i det same tidsrommet. Dersom dette spørsmålet skulle blitt fullnøyande analysert, måtte vi ha hatt opplysningar om kor aktiv kvar veljar var i dei fire deltakingsformene både i folkerøystinga og i samband med stortingsvalet i 1969. Dei siste opplysningane manglar vi. Vi skal derfor nøye oss med å nytte opplysningar om deltakinga til veljarane i sjølve valet i 1969 og i folkerøystinga i 1972.

Etter det som er funne ovanfor, mellom anna med omsyn til aktiviteten til dei unge, er det rimeleg å vente ein relativt stor aktivitet mellom dei som hadde røysterett for første gong i 1972. Vi har derfor skilt denne gruppa frå dei som hadde røysterett i 1969, men som ikkje gjorde bruk av han før i 1972. Dei andre gruppene vi samanliknar, er dei som røysta ved begge vala, dei som røysta i 1969, men ikkje i 1972, og dei som ikkje røysta nokon av åra.

I tabell 12 har vi vist korleis prosenten av veljarar med høg deltaking i dei fire deltakingsformene varierer mellom dei nemnde gruppene av veljarar. For alle som blei intervjuva viser det seg at den mest aktive gruppa er dei unge som ikkje hadde røysterett i 1969, men som røysta i 1972. For alle deltakingsformene har denne gruppa den største prosent med høg deltaking av alle dei gruppene vi samanliknar.

Tabell 12. Personar med høg aktivitet.¹⁾ Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar i ulike aktiviseringsgrupper.¹⁾ Prosent *Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons who to a different degree became active between the Storting elections in 1969 and the referendum in 1972.¹⁾ Percentages*

	Samtalar <i>Discussions</i>	Påverknad <i>Influencing others</i>	Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	Aksjonsdeltaking <i>Participation in actions</i>	Talet på personar som svarte <i>Number of respondents</i>
Røysta i 1969 <i>Voted in 1969</i>	66	33	13	8	859
Røysta i 1972 <i>Voted in 1972</i>					
Ikkje røysterett i 1969 <i>Not entitled to vote in 1969</i>	77	59	35	(14)	51
Røysta i 1972 <i>Voted in 1972</i>					
Røysta ikkje i 1969 <i>Did not vote in 1969</i>	61	28	(17)	(9)	54
Røysta i 1972 <i>Voted in 1972</i>					
Røysta i 1969 <i>Voted in 1969</i>	40	12	(3)	(2)	113
Røysta ikkje i 1972 <i>Did not vote in 1972</i>					
Røysta ikkje i 1969 <i>Did not vote in 1969</i>	37	(14)	(3)	(2)	65
Røysta ikkje i 1972 <i>Did not vote in 1972</i>					

1) Sjå tekst ovanfor.

1) See text above.

Det er vidare interessant å leggjemerke til at dei som hadde røysterett i 1969, utan å røyste ved det valet, men som røysta i 1972, er noko mindre aktive enn dei som røysta begge åra når det gjeld deltaking i samtalar og freistnad på å påverke andre. Dei er derimot vel så aktive med omsyn til møte-deltaking og deltaking i politiske aksjonar.

Desse to gruppene, som er dei som kan seiast å ha blitt mobiliserte ved folkerøystinga, viser ein aktivitet som går langt utover berre å røyste.

Dei som røysta i 1969, men ikkje i 1972, er like lite aktive som dei som ikkje røysta ved nokon av vala. Det kunne ha vore interessant å studere skilnaden mellom aktiviteten til desse gruppene blant motstandarar og tilhengarar av medlemskap i EF, men basis for prosentuering av ein slik tabell blir for liten til at ein med rimeleg grad av visse kan dra konklusjonar om reelle skilnader. Likevel syner det seg at tendensane i materialet er slike at dei unge røysteføre som har røysta, er meir aktive enn dei andre gruppene både mellom dei som røysta ja og mellom dei som røysta nei. Dessutan er det særleg mellom motstandarane av medlemskap at dei røysteføre som ikkje røysta i 1969, men som røysta i 1972, er meir aktive enn dei som røysta ved begge vala.

Er det så motstandarane eller tilhengarane som fekk mest nytte av den auka aktiviteten til desse gruppene? Tabell 13 viser korleis personar innan kvar gruppe røysta i folkerøystinga. Det som her er klårt, er at den auka aktiviteten som folkerøystinga førte med seg, særleg kom motstandarane til gode. To av tre veljarar mellom dei som blei mobiliserte ved folkerøystinga, røysta nei, samanlikna med kvar andre veljar av dei som røysta ved begge vala.

Tabell 13. Personar i ulike aktiviseringsgrupper etter røystegiing ved folkerøystinga. Prosent
Persons who to a different degree became active between the Storting elections in 1969 and the referendum in 1972 by voting behaviour. Percentages

	Røysta 1969 Røysta 1972 <i>Voted in 1969 Voted in 1972</i>	Ikkje røyste- rett 1969 Røysta 1972 <i>Not entitled to vote in 1969. Voted in 1972</i>	Røysta ikkje 1969. Røysta 1972 <i>Did not vote in 1969 Voted in 1972</i>	Alle som røysta i 1972 <i>All voters in 1972</i>
Røysta ja <i>Voted yes</i>	49	31	33	47
Røysta nei <i>Voted no</i>	51	69	67	53
Talet på personar som svarte <i>Number of respondents</i>	860	51	54	965

Det er interessant å observere ei slik skeiv røystegiing mellom dei som blei mobiliserte ved folkerøystinga, fordi det vil kunne kome til å få visse konsekvensar for styrketilhøvet mellom dei politiske partia på noko lengre sikt. I studiar av politisk deltaking er det nemleg eit vanleg funn at veljarane har ein tendens til å halde fast ved det partiet dei røysta med første gongen dei nytta røysteretten (Butler og Stokes 1971). Ein stor del av dei som blei mobiliserte ved folkerøystinga, røysta for første gong. Jamvel om folkerøystinga ikkje var noko vanleg partival, var partia sine standpunkt likevel såpass godt kjende langs heile det spektret av saker ein i realiteten tok standpunkt til i folkerøystinga at det ikkje er urimeleg å vente at ein også ved seinare val vil finne ei anna røystegiing mellom desse som røysta for første gong i 1972 samanlikna med andre veljarar.

1. Sosial bakgrunn

Kva kjenneteiknar dei to gruppene som blei aktiviserte samanlikna med dei som blei passiviserte ved begge vala? I tabell 14 har vi gitt eit oversyn over korleis fordelingane er med omsyn til sosiale kjenneteikn innan desse gruppene.

Dei nye røysteføre som nytta røysteretten, har eit sterkt innslag av menn, berre ein av tre veljarar i denne gruppa er kvinner. Derimot er kvinnene i fleirtal mellom dei som ikkje røysta i 1969 men som røysta ved folkerøystinga, og det same er tilfelle i den gruppa som røysta i 1969, men ikkje i 1972. Av denne siste gruppa er nesten to tredeler kvinner.

Aldersfordelinga er også ulik for dei ulike gruppene. Dei som ikkje var røysteføre i 1969, er uinteressante i denne samanheng då dei pr. definisjon må vere under 30 år. Derimot er det interessante skilnader mellom dei røysteføre i 1969 med omsyn til mobilisering og passivisering ved folkerøystinga. Medan dei som blir aktiviserte har eit sterkt innslag av ungdom, viser det seg at dei som blir passiviserte har eit tilsvarende stort innslag av eldre. Aldersfordelinga mellom dei som ikkje røysta ved noko val, der dei unge under 30 år utgjer over halvparten av gruppa, tyder på at vi mellom dei unge har to heilt ulike grupper med omsyn til politisk aktivitet. Anten er dei unge mykje aktive, eller så er dei heilt passive. Fordelinga på dei andre aldersgruppene tyder på ein mykje meir jamn overgang mellom aktivitet og passivitet.

Tabell 14. Personar i ulike aktiviseringsgrupper etter sosial bakgrunn. Prosent *Persons who to a different degree became active between the Storting elections in 1969 and the referendum in 1972 by social background. Percentages*

	Røysta i 1969 Røysta i 1972 Voted in 1969 Voted in 1972	Ikkje røyste- rett i 1969 Røysta i 1972 Not entitled to vote in 1969 Voted in 1972	Røysta ikkje i 1969 Røysta i 1972 Did not vote in 1969 Voted in 1972	Røysta i 1969 Røysta ikkje i 1972 Voted in 1969 Did not vote in 1972	Røysta ikkje i 1969 Røysta ikkje i 1972 Did not vote in 1969 Did not vote in 1972	Alle Per- sons, total Per- centage
<u>Kjønn Sex</u>						
Menn <i>Males</i>	52	67	43	38	42	51
Kvinner <i>Females</i>	48	33	57	62	58	49
<u>Alder Age</u>						
Under 30 år <i>years</i>	13	100	43	(11)	53	20
30-49 år <i>years</i>	47	-	28	40	24	37
50 år og over <i>years and over</i>	47	-	29	49	23	43
<u>Utdanning Education</u>						
Folkeskolenivå <i>Primary school level</i>	75	47	70	88	79	74
Over folkeskolenivå <i>Above primary school level</i> ...	25	53	30	12	21	26
<u>Inntekt Income</u>						
Under kr. 30 000	43	84	46	57	77	48
Kr. 30 000 og over <i>and over</i>	57	(16)	54	43	23	52
Talet på personar som svarte <i>Number of respondents</i>	864	51	54	114	66	1 149

Tabellen viser også ein klår samanheng mellom utdanninga til veljarane og grad av mobilisering og passivisering frå 1969 til 1972. Dei unge som blei mobiliserte er veljarar med relativt høg utdanning. Vel halvparten av denne gruppa har meir enn folkeskoleutdanning, mot berre ein fjerdedel av heile utvalet. Dei andre gruppene viser små avvik frå fordelinga i heile utvalet med unnatak av dei som blei passiviserte. Dei har derimot større innslag av veljarar med berre folkeskoleutdanning jamført med alle dei andre gruppene.

Inntektsmessig skil dei unge seg naturleg nok ut frå resten av utvalet. Det same gjer dei som ikkje røysta ved nokon av vala. Begge gruppene har ei lågare inntekt enn dei andre gruppene i samanlikninga.

I store trekk finn vi att dei sosiale skilnadene mellom veljargruppene i tabell 14 også mellom både motstandarar og tilhengarar av medlemskap. Prosentueringa gir ikkje høve til nøyare analysar av desse skilnadene jamvel om det ville ha vore interessant.

V. HOLDNINGAR TIL FOLKERØYSTING OG AD HOC-ORGANISASJONAR

I folkerøystinga var det utan tvil til stades ein konflikt mellom det vi kan kalle det representative og det direkte demokrati.¹⁾ Her i landet tek ikkje folk flest til vanleg direkte del i styret av landet. Indirekte kan likevel veljarane seiast å ta del i styret når dei kvart fjerde år vel sine representantar til Stortinget. I denne valprosessen er partia viktige og nødvendige institusjonar: Dei organiserer i stor grad vala og driv valkamp på eit program som representantane til partia forpliktar seg til å arbeide for i valperioden.

Gjennom ei folkerøysting blir ei einskild sak teken ut av denne prosessen og lagd fram for veljarane til uttale eller faktisk vedtak. Men det er framleis dei valde representantane som har ansvar for styret av landet utan omsyn til om vedtaket, eller rådet frå veljarane, går imot deira eige program. Folkerøystinga blir derfor av mange sett på som ei lite høveleg ordning i eit representativt demokrati.

Skilnaden mellom eit stortingsval og ei folkerøysting med omsyn til det saksomfang veljarane tek stilling til, vil vel i praksis likevel vere noko mindre enn det kan sjå ut til. Jamvel om det i røynda er slik at partia legg fram program for veljarane der dei prøver å gi eit meir eller mindre klårt bilete av "det gode samfunn", er det trass i alt berre nokre få av sakene i programma som det kjem til å stå strid om i valkampen. Dette gjeld både på leiarpplan og på veljarplan i det politiske system. (Valen og Martinussen 1972).

Samstundes såg vi i kampanjen framfor folkerøystinga at det ikkje var lenge saka berre dreia seg om Norge ville tene eller tape reint økonomisk på medlemskap. Kampanjen kom etter kvart til å femne om store delar av norsk samfunnsliv. På ein måte kan det derfor forsvarast å hevde at debatten om norsk medlemskap på sett og vis ikkje berre var like mangslungen som debatten ved eit vanleg stortingsval når det galdt aktiv deltaking, men også når det galdt det faktiske saksområde veljarane tok stilling til.

I samband med folkerøystinga om norsk EF-medlemskap kom det derfor naturleg nok til syne ulike oppfatningar av spørsmålet om ein burde la veljarane uttale seg direkte gjennom ei folkerøysting eller heller la stortingsrepresentantane avgjere saka åleine. I intervjuundersøkinga tok Byrået med to spørsmål som skulle klårlegge korleis veljarane ser på bruken av folkerøysting generelt og i denne spesielle saka.

Det var likevel noko viktig som klårt skilde folkerøystinga frå eit vanleg stortingsval: Fleire av dei politiske partia var lenge utan offisielt standpunkt til spørsmålet om norsk medlemskap. Samstundes fekk ein organisasjonar både på tilhengar- og motstandarsida som arbeidde kvar for sitt syn utanom og på tvers av dei politiske partia. Desse utanomparlamentariske organisasjonane blei av nokre sett på som uansvarlege organisasjonar i den meining at dei ikkje ville kome til å få noko ansvar for styret av landet etter at spørsmålet om medlemskap var avgjort. Ein fekk då også til dels kraftige utfall nettopp mot desse ad hoc-organisasjonane under kampanjen som gjekk føre folkerøystinga.

I tillegg til å spørje om synet på folkerøystinga blei det i undersøkinga derfor også stilt eit spørsmål om korleis veljarane såg på desse organisasjonane som hadde som einaste føremål å påverke opinionen i retning av sitt standpunkt.

1) Hellevik og Gleditsch (1973) gir ei drøfting av direkte og representativt demokrati. Dei ser på desse to styreformene som to mekanismar som bind saman opinion og politikk og drøftar i kva grad desse to mekanismane gavulikt resultat i samband med folkerøystinga.

1. Holdning til ad hoc-organisasjonane

Etter ei innføring i kva slags type organisasjonar vi ville at intervjupersonane skulle seie si meining om, blei dei stilte spørsmåla om dei meinte det var ein føremon med slike organisasjonar, eller om det ville ha vore betre at berre dei politiske partia hadde teke del i arbeidet for og mot medlemskap.¹⁾

Som nemnd før, skilde dei som tok aktivt del i kampanjen seg frå resten av veljarane etter dei måla for aktivitet vi har nytta. Dei hadde eit større innslag av unge og relativt høgt utdanna veljarar. Det hadde vore interessant i denne samanheng å undersøkje i kva grad desse gruppene også gjorde seg meir gjeldande enn andre grupper i dei nye organisasjonane som blei skipa. Diverre kom ikkje spørsmålet om medlemskap i desse organisasjonane med i intervjukjemaet, og vi har derfor ikkje høve til å analysere dette sakstilhøvet. Det er likevel ikkje urimeleg å gå ut frå at den auka aktiviteten mellom desse gruppene som vi finn frå stortingsvalet til folkerøystinga, har samanheng med verksemda til ad hoc-organisasjonane. Desse organisasjonane var vel etter måten laust organiserte grupper med ein relativt stor aktivitet retta mot å skape ein opinion for eit visst syn. Ei undersøking frå Sverige av medlemskap og aktivitet i ein tilsvarande laust organisert organisasjon "Byalagsrörelsen i Stockholm" viser nettopp at dei lokale opinionsgruppene som utgjorde denne rørsla hadde eit sterkt innslag av unge og velutdanna veljarar (Häggroth 1971). Vi skulle derfor kunne vente at det i dette materialet vil vere mellom dei yngre veljarane og dei med god utdanning at vi finn dei mest positive vurderingane av desse ad hoc-organisasjonane.

I tabell 13 har vi gitt eit oversyn over kor stor del av veljarane innan ulike sosiale grupper som meinte det var ein føremon at desse ad hoc-organisasjonane eksisterte ved sida av dei politiske partia.

Jamvel om vi i spørsmålet til intervjupersonane nemnde både organisasjonen "Folkerørsla mot EEC" og organisasjonen "Ja til EF" for ikkje å få ei einsidig vurdering av ein organisasjon, syner det seg likevel at hovudskilnaden mellom veljarane går mellom dei som røysta for og dei som røysta mot medlemskap.

Av dei som hadde gjort seg opp ei meining om spørsmålet - omlag 90 prosent av dei som svarte - gav 43 prosent uttrykk for at dei meinte det var ein føremon med desse organisasjonane, medan 57 prosent meinte det hadde vore betre at berre dei politiske partia hadde teke del i striden. Prosentdelen som uttrykkjer seg positivt om ad hoc-organisasjonane, varierer frå 23 prosent mellom tilhengarane av medlemskap til 56 prosent mellom motstandarane. For kvar tilhengar er det altså vel to motstandarar som vurderer desse organisasjonane positivt.

Vidare er det ein klår tendens til at dei unge i større grad enn dei eldre ser desse organisasjonane som ein føremon. Derimot gir ikkje utdanninga til veljarane dei utslaga vi har venta når vi ser på fordelinga i heile utvalet. Om lag like mange mellom dei med høg som mellom dei med låg utdanning, hadde positivt syn på slike organisasjonar.

Ser vi på skilnadene mellom ulike sosiale grupper for tilhengarar og motstandarar kvar for seg, er det likevel slik at di meir utdanning veljarane har, di oftare gir dei ei positiv vurdering av ad hoc-organisasjonane. Særleg er dette markert mellom motstandarane der den absolutte prosentdifferansen mellom utdanningsgruppene er 15. Det er med andre ord spesielt mellom dei som ikkje røysta at utdanninga ikkje gir utslag, eller at det mellom desse er ein negativ samanheng mellom utdanning og vurdering av organisasjonane.

Elles viser materialet små skilnader mellom ulike sosiale grupper i vurderinga av organisasjonane. Dei skilnadene som kjem til syne er i alt vesentleg dei same mellom motstandarar og tilhengarar. Det som har hatt betydning for vurderinga av organisasjonane, er kva for innstilling veljarane hadde til spørsmålet om medlemskap i EF. Dette kan kanskje sjåast som ein refleks av kva for ein organisasjon som blei skipa først og kanskje også av aktiviteten til desse to organisasjonane.

1) Spørsmålet hadde denne ordlyden: "I løpet av de siste par årene er det blitt dannet organisasjoner som f.eks. "Folkebevegelsen mot norsk medlemskap i EEC" og organisasjonen "Ja til EF", som har arbeidd enten for eller mot norsk medlemskap i EF. Synes De det har vært en fordel med slike organisasjoner ved siden av de politiske partiene eller mener De at det hadde vært bedre om bare de politiske partiene hadde tatt del i dette arbeidet?"

Tabell 15. Holdning til organisasjonar skipa for og mot medlemskap i EF blant personar med ulik sosial bakgrunn, organisasjonstilknytning og røystegiing. Prosent av personar som vurderer organisasjonane positivt 1) *Attitudes towards the organizations founded to work for or against membership of the EC among persons with different social and organizational background and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude towards these organizations¹⁾*

	Røystegiing		Alle Persons, total
	Ja Yes	Nei No	
<u>Alle Persons, total</u>	25 (429)	64 (449)	43 (1 026)
<u>Kjønn Sex</u>			
Menn Males	26 (228)	65 (259)	45 (549)
Kvinner Females	24 (201)	62 (190)	42 (477)
<u>Alder Age</u>			
Under 30 år years	43 (72)	79 (105)	61 (212)
30-49 år years	25 (171)	63 (163)	43 (391)
50 år og over years and over	18 (186)	55 (181)	35 (423)
<u>Utdanning Education</u>			
Folkeskolenivå Primary school level	23 (272)	61 (349)	43 (747)
Over folkeskolenivå Above primary school level ..	27 (157)	75 (100)	45 (279)
<u>Inntekt Income</u>			
Under kr. 30 000	31 (144)	64 (235)	48 (467)
Kr. 30 000-49 900	23 (184)	65 (171)	43 (406)
Kr. 50 000 og over and over	19 (101)	58 (43)	29 (153)
<u>Organisasjonsmedlemskap Membership of organizations</u>			
0	24 (169)	58 (184)	40 (430)
1	24 (119)	66 (141)	46 (304)
2 eller fleire or more	28 (141)	70 (124)	44 (292)
<u>Partimedlemskap Membership of a political party</u>			
Ja Yes	28 (64)	61 (57)	42 (135)
Nei No	24 (365)	64 (392)	43 (891)

1) Tala i parentes gjeld personar som svarte og som hadde gjort seg opp ei meining om saka. Differansen mellom til dømes: 429 + 449 og 1 026 i første lina er personar som ikkje røysta.

1) The figures in the brackets refer to persons who answered and who had made up their mind on the question. The difference between for instance 429 + 449 and 1 026 in the first row is made up by persons who did not vote.

2. Holdning til folkerøysting

Intervjupersonane blei stilte eit spørsmål der dei fekk gi uttrykk for si vurdering av folkerøystingar generelt, om dei burde haldast oftare enn no eller om lag like sjeldan som no.¹⁾ Det blei presisert at spørsmålet berre hadde å gjere med nasjonale folkerøystingar og ikkje med lokale om til dømes målform, fråhaldspolitikkk osv.

Veljarane si vurdering av folkerøysting generelt er heller lite positiv. Det systemet vi har i dag, blei under folkerøystinga sett på som det beste av 70 prosent av utvalet, medan 30 prosent ville ha folkerøysting oftare enn kva som har vore tilfelle til no.

Tabell 16. Holdning til folkerøysting generelt blant personar med ulik sosial bakgrunn, organisasjons-tilknytning og røystegiing. Prosent av personar som vil ha folkerøysting oftare¹⁾
Attitudes towards referendum in general among persons with different social and organizational background, controlling for voting behaviour. Per cent of persons who would have referendum to be held more often¹⁾

	Røystegiing Voting		Alle Persons, total
	Ja Yes	Nei No	
<u>Alle Persons, total</u>	14 (436)	45 (480)	30 (1 081)
<u>Kjønn Sex</u>			
Menn Males	13 (227)	47 (266)	32 (561)
Kvinner Females	14 (209)	42 (214)	29 (529)
<u>Alder Age</u>			
Under 30 år years	24 (73)	44 (113)	38 (229)
30-49 år years	11 (172)	44 (168)	28 (400)
50 år og over years and over	12 (191)	45 (199)	29 (452)
<u>Utdanning Education</u>			
Folkeskolenivå Primary school level	17 (279)	45 (376)	33 (793)
Over folkeskolenivå Above primary school level ..	9 (157)	43 (104)	22 (288)
<u>Inntekt Income</u>			
Under kr. 30 000	15 (150)	48 (253)	36 (467)
Kr. 30 000-49 900	15 (182)	42 (182)	28 (406)
Kr. 50 000 og over and over	11 (104)	33 (45)	17 (153)
<u>Organisasjonsmedlemskap Membership of organizations</u>			
0	16 (170)	45 (201)	32 (359)
1	15 (126)	41 (145)	31 (319)
2 eller fleire or more	10 (140)	48 (135)	27 (303)
<u>Partimedlemskap Membership of a political party</u>			
Ja Yes	13 (64)	48 (68)	28 (136)
Nei No	14 (372)	44 (422)	31 (945)

1) Sjå note 1 tabell 15.

1) See note 1 table 15.

1) Spørsmålet hadde denne ordlyden: "Noen land gjør ofte bruk av folkeavstemninger når viktige saker skal avgjøres, mens vi her i landet har holdt folkeavstemninger forholdsvis sjelden. (Vi ser her bort fra lokale folkeavstemninger.) Synes De at vi her i landet bør gjøre bruk av folkeavstemning oftare enn hittil eller omtrent like sjelden som hittil?"

På nytt viser det seg at det først og fremst er holdninga til den spesielle saka denne folkerøystinga galdt, som gir dei største utslaga i materialet. Medan 45 prosent av motstandarane ville ha nasjonale folkerøystingar oftare enn no, var det berre 14 prosent av tilhengarane som var av same meining. For heile materialet er det ein tendens til at dei to gruppene av veljarar som har skilt seg ut tidlegare i denne analysen, også skil seg ut med omsyn til vurdering av folkerøystinga. Dei unge med høg utdanning vurderer bruken av folkerøysting generelt meir positivt enn dei eldre og mindre utdanna veljargruppene. Tabellen viser likevel at denne skilnaden mellom dei sosiale grupperingane berre gjeld mellom tilhengarane av medlemskap. Bortsett frå inntektsvariabelen som viser at ein mindre del av dei eldre enn av dei yngre motstandarane meiner at ein burde ha folkerøysting oftare enn kva som er tilfelle no, er det jamt over små skilnader i vurdering av folkerøysting, same kva sosiale kjenneteikn motstandarane av medlemskap har.

Vurderinga av denne spesielle folkerøystinga er noko meir positiv.¹⁾ Berre 43 prosent av utvalet meiner Stortinget burde ha avgjort medlemskapsspørsmålet sjølv utan folkerøysting, medan 57 prosen meiner at det var rett at saka blei lagt ut til folkerøysting.

Tabell 17. Holdning til EF-røystinga blant personar med ulik sosial bakgrunn, organisasjonstilknyping og røysteging. Prosent av personar som meinte avgjerda burde ha vore teken utan folkerøysting¹⁾ *Attitudes towards the EC referendum among persons with different social and organizational background and voting behaviour. Per cent of persons who would prefer the decision to be taken without any referendum¹⁾*

	Røysteging Voting		Alle Persons, total
	Ja Yes	Nei No	
Alle Persons, total	71 (440)	18 (486)	43 (1 096)
<u>Kjønn Sex</u>			
Menn Males	74 (228)	17 (268)	44 (566)
Kvinner Females	67 (212)	18 (218)	43 (530)
<u>Alder Age</u>			
Under 30 år years	50 (72)	13 (110)	32 (226)
30-49 år years	79 (173)	18 (174)	48 (408)
50 år og over years and over	71 (195)	20 (202)	45 (462)
<u>Utdanning Education</u>			
Folkeskolenivå Primary school level	67 (281)	19 (384)	40 (808)
Over folkeskolenivå Above primary school level ..	77 (57)	11 (102)	53 (288)
<u>Inntekt Income</u>			
Under kr. 30 000	67 (153)	16 (259)	26 (518)
Kr. 30 000-49 900	70 (187)	18 (183)	45 (425)
Kr. 50 000 og over and over	78 (100)	30 (44)	63 (153)
<u>Organisasjonsmedlemskap Membership of organizations</u>			
0	63 (176)	17 (201)	39 (466)
1	76 (122)	21 (148)	45 (320)
2 eller fleire or more	75 (142)	15 (137)	48 (310)
<u>Partimedlemskap Membership of a political party</u>			
Ja Yes	84 (63)	16 (62)	51 (142)
Nei No	68 (377)	18 (424)	42 (954)

1) Sjå note 1 tabell 15.

1) See note 1 table 15.

1) Spørsmålet hadde denne ordlyden: "Hvis De tenker på den folkeavstemningen som skal holdes, synes De da det hadde vært best om Stortinget hadde avgjort spørsmålet om norsk medlemskap i EF uten foregående folkeavstemning, mener De det er riktig å legge dette spørsmålet ut til folkeavstemning, eller har De ikke gjort Dem opp noen mening om hvorvidt folkeavstemning burde vært nyttet i dette tilfelle?"

Også i dette spesielle spørsmålet er det store skilnader mellom tilhengarar og motstandarar. Berre 18 prosent av motstandarane meiner Stortinget burde ha avgjort saka på eiga hand, mot heile 71 prosent av tilhengarane. Samstundes er dei sosiale skilnadene i kvar røystegruppe heller små. Dei skilnadene som kjem til syne, går i same retning for både motstandarar og tilhengarar, med unntak for skilnaden mellom utdanningsgruppene. Motstandarar som har meir enn folkeskole, er meir positive til folkerøystinga enn dei som berre har folkeskole. Det motsette er tilfelle mellom tilhengarane. Det er likevel vanskeleg å leggje særleg stor vekt på dette, fordi tabell XVI i tillegget (intervjudel 1) viser same tendens både for tilhengarar og motstandarar: Di meir utdanning, di meir positiv innstilling til folkerøystinga.

3. Holdning og aktivitet

Tabellane 18-20 viser samanhengen mellom dei to hovudformene for deltaking - privat/offentleg - og veljarane si vurdering av organisasjonane, og av bruken av folkerøysting generelt og i denne spesielle saka.

Tabell 18. Holdning til organisasjonane for og mot medlemskap blant personar med ulik grad av aktivitet i offentlege og private deltakingsformer og røystegiing. Prosent av personar med positiv vurdering av organisasjonane ¹⁾ *Attitudes towards the organizations founded to work for or against membership of the EC among persons with different degree of activity and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude towards these organizations¹⁾*

	Røystegiing		Alle Persons, total
	Ja Yes	Nei No	
<u>Aktivitet²⁾ Activity²⁾</u>			
<u>Privat Private</u>			
0	29 (94)	50 (139)	39 (313)
1	22 (158)	67 (200)	45 (408)
2	26 (176)	76 (101)	44 (292)
<u>Offentleg Public</u>			
0	25 (355)	58 (351)	40 (847)
1	29 (59)	82 (67)	56 (132)
2	13 (15)	93 (28)	66 (44)

1) Sjå note 1 tabell 15. 2) Sjå tekst side 28.

1) See note 1 table 15. 2) See text page 28.

Tabell 19. Holdning til folkerøysting generelt blant personar med ulik grad av aktivitet i offentlege og private deltakingsformer og røystegiing. Prosent av personar med positiv vurdering ¹⁾
Attitudes towards referendum in general among persons with different degree of activity and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude ¹⁾

	Røystegiing		Alle Persons, total
	Ja Yes	Nei No	
<u>Aktivitet²⁾ Activity²⁾</u>			
<u>Privat Private</u>			
0	16 (100)	44 (154)	32 (346)
1	16 (159)	40 (213)	31 (425)
2	11 (176)	54 (103)	27 (295)
<u>Offentleg Public</u>			
0	14 (360)	44 (379)	30 (897)
1	12 (61)	42 (69)	28 (136)
2	- (15)	64 (28)	41 (44)

1) Sjå note 1 tabell 15. 2) Sjå tekst side 28.

1) See note 1 table 15. 2) See text page 28.

Tabell 20. Holdning til folkerøystinga om EF blant personar med ulik grad av aktivitet i offentlege og private deltakingsformer og røystegiing. Prosent av personar med positiv vurdering ¹⁾
Attitudes towards the EC referendum among persons with different degree of activity and voting behaviour. Per cent of persons who take a positive attitude¹⁾

	Røystegiing		Alle Persons, total
	Ja Yes	Nei No	
<u>Aktivitet²⁾ Activity²⁾</u>			
<u>Privat Private</u>			
0	41 (102)	82 (154)	64 (349)
1	30 (161)	81 (216)	58 (432)
2	22 (175)	87 (103)	46 (295)
<u>Offentleg Public</u>			
0	31 (365)	81 (383)	56 (911)
1	27 (60)	89 (70)	60 (136)
2	13 (15)	89 (28)	64 (44)

1) Sjå note til tabell 15. 2) Sjå tekst side 28.

1) See note table 15. 2) See text page 28.

I heile utvalet er det ein tendens til at di meir aktive veljarane er, di meir positive holdningar har dei både til ad hoc-organisasjonane og til bruken av folkerøysting. Dette er vel nettopp eit resultat ein skulle vente. Di meir interessant er det då at vi finn denne samanhengen, om enn noko veikare, berre mellom motstandarane av medlemskap. Mellom tilhengarane av medlemskap er det ein samanheng i motsett retning. Di meir aktive tilhengarane har vore i folkerøystinga, di færre er det som vurderer organisasjonane og bruken av folkerøysting positivt.

Ein del av forklaringa på denne skilnaden mellom tilhengarar og motstandarar finn vi nok i den ulike sosiale samansetnad av desse grupperingane.¹⁾ Som vi viste i førre avsnittet, er det dessutan slik at personar med høgre sosial status i noko større grad var motstandarar av folkerøysting og vurderte ad hoc-organisasjonane meir negativt enn dei andre sosiale gruppene.

Desse holdningsskilnadene mellom motstandarar og tilhengarar kan grunne seg i prinsipielle meiningssskilnader. Dei kan og skuldast ulik reaksjon på det faktiske resultatet av folkerøystinga; dvs. at dei som ikkje likte resultatet heller ikkje likte måten det kom fram på. Ei slik tolking av skilnadene ville måtte ha blitt tillagt stor vekt dersom vi berre hadde intervjua veljarane etter folkerøystinga. Vi intervjuar derimot veljarane også før folkerøystinga, og tabellane i tillegget (intervjudel 1) viser den same skilnaden mellom motstandarar og tilhengarar, og mellom aktivitet og holdning innan kvar gruppe som tabellane frå del 2. Dei personane som blei intervjua før valet, kan ein vanskeleg seie er påverka av resultat av røystinga. Skilnaden mellom tilhengarar og motstandarar må derfor gå på noko meir prinsipielt enn berre misnøye med utfallet av røystinga.

Det som vidare må stå som litt av eit paradoks når ein les desse tabellane, er at ei gruppe av dei som er minst positivt innstilte til folkerøystinga, er mellom dei som engasjerer seg sterkast med sikte på å påverke resultatet av folkerøystinga.

1) Det er i samband med folkerøystinga interessant å merke seg den sosiale skilnad det er mellom tilhengarar og motstandarar. (Jfr. NOS A 544). Motstandarane liknar sosialt sett meir på dei som ikkje røysta enn på tilhengarane. Denne skilnaden mellom dei som røysta ja og dei som røysta nei er i samsvar med resultat som er vist frå lokale folkerøystingar i USA når deltakinga er høg. (Jfr. Coleman 1957, Horton og Thompson 1962.) Den tolkinga desse forfattarane gir, synest å gå på ein generell protestholdning mellom dei lågare sosiale lag av folket som dessutan vanlegvis også er lite interesserte i politikk. Ei slik generell protestholdning vil nok kunne vere medverkande for røystegiinga, men ein konklusjon om at saksinnhaldet er av mindre betydning, synest noko unyansert. Ein kan godt tenkje seg at generelle interesse-motsetnader kan liggje under røystegiinga, gitt at dei same interessene formar avrøystingstema og saksinnhald frå avrøysting til avrøysting. Ei slik tolking gir slutningar som vil ha å gjere med det politiske system heller enn den einskilde veljar.

SAMANDRAG

I denne analysen har vi freista å klarleggje kva for grupper som har vore aktive i folkerøystinga, og kva for grupper som blei aktiviserte ved folkerøystinga. Samstundes har vi undersøkt kva for vurderingar veljarane gav av folkerøystinga generelt og i denne spesielle saka, og kva for holdningar dei hadde til dei ad hoc-organisasjonane som blei skipa på tilhengar- og motstandarsida.

Analysen har vist at bortsett frå bruken av sjølve røysteretten, synest aktiviteten til veljarane på alle dei områda som er undersøkte å ha vore større i 1972 enn ved stortingsvalet i 1969. Samstundes er det aktiviteten i dei meir aktive deltakingsformene som relativt sett har auka mest.

Denne auka aktiviteten synest å vere noko ulikt fordelt mellom ulike sosiale grupper. I ulike samanhengar har dei unge veljarane og veljarar med høg utdanning skilt seg ut frå dei andre veljar-gruppene. Desse to gruppene har vore mest aktive i samtalar om EF, og dei har oftare enn andre søkt å påverke andre gjennom slike samtalar i retning av eige standpunkt. Dei har ofte teke del i møte om EF, og utgjorde også eit sterkt innslag mellom dei som tok del i politiske aksjonar framfor folkerøystinga. Både alder og utdanning synte seg å vere meir vesentlege for deltakinga til veljarane ved folkerøystinga i 1972 enn ved stortingsvalet i 1969.

Ved stortingsvalet hadde parti- og organisasjonstilknytning mykje å seie for den politiske deltakinga, medan alder og utdanning synte seg å vere mindre viktige. Ved folkerøystinga var det også ein klår samanheng mellom parti- og organisasjonstilknytning og deltaking. Mest å seie hadde likevel utdanninga til veljarane.

Det kan derfor sjå ut som om ein gjennom ei folkerøysting der ein stor del av aktiviteten går utanom dei parti og organisasjonar som alt er etablerte, får auka sosiale skilnader - særleg med omsyn til utdanning - mellom dei aktive og dei mindre aktive. I ei slik folkerøysting vil ikkje medlemskap i parti og organisasjonar i den grad vere ein politisk ressurs veljarane kan nytte seg av, og dei personlege ressursane til kvar einskild veljar - som vil ha direkte samanheng med kva sosial gruppering han høyrer til - vil ha meir å seie for kor politisk aktive veljarane er.

Ein stor del av aktiviteten i samband med folkerøystinga må seiast å ha fått si kanalisering gjennom dei organisasjonane som blei skipa spesielt med sikte på å påverke opinionen framfor folkerøystinga. Ei undersøking frå Sverige tyder på at visse særdrag ved denne typen organisasjonar kan vere med å forklare kvifor visse grupper lettare er blitt aktive enn andre i samband med folkerøystinga. (Häggroth 1971).

Häggroth undersøkte aktivitet i og sosial samansetjing av det som går under namnet "Byalagsrørelsen" i Stockholm. Det som karakteriserte denne rørsla var mellom anna at ho var bygd opp av laust organiserte opinionsgrupper som ofte blei skipa kring konkrete saker og som hadde som føremål å aksjonere for og mot desse sakene. Noko av det same er det vel også som kjenneteiknar organisasjonar som "Ja til EF" og "Folkerørsla mot EEC", i alle fall om vi samanliknar desse organisasjonane med partia og dei større etablerte organisasjonane.

Undersøkinga frå Stockholm viste at innslaget av unge og velutdanna personar i "Byalagsrørelsen" var langt større enn den del desse gruppene utgjorde i folket. Undersøkinga viser også at aktiviteten innan "Byalagsrørelsen" hadde sterk samanheng med alder og utdanning.

Dermed er det sjølvsagt ikkje sagt at ikkje den aktivitet desse gruppene og organisasjonane driv, på eit seinare tidspunkt vil kunne verke på same måte som andre organisasjonar der medlemskap blir ein ressurs som også andre delar av folket vil gjere seg nytte av. I første omgang vil dei likevel ha eit stort innslag av unge med god utdanning.

Desse sosiale skilnadene kjem til syne når det gjeld aktiviteten innan alle dei fire deltakingsformene vi har studert. Det er likevel klart at det var med omsyn til deltakinga i politiske aksjonar at denne tendensen gjorde seg mest gjeldande, noko som ein også skulle vente etter det vi har sagt ovanfor.

Analysen har vist at det var visse skilnader mellom motstandarar og tilhengarar av norsk medlemskap i EF både med omsyn til kven som var aktive og med omsyn til kva deltakingsform dei oftast aktiviserte seg i. Tilhengarane var meir aktive enn motstandarane i samtalar og i å påverke andre gjennom slike samtalar, medan det motsette var tilfelle når det gjaldt aktivitet i form av møtedeltaking og deltaking i politiske aksjonar.

Samstundes har vi funne ein tendens til at det med unntak for deltaking i politiske aksjonar, var større relativ skilnad mellom aktiviteten til ulike sosiale grupper mellom motstandarar enn mellom tilhengarar.

Særleg markert er skilnaden mellom motstandarar og tilhengarar når det gjeld holdningar til folkerøysting generelt og i denne spesielle saka, og når det gjeld vurdering av dei ad hoc-organisasjonane som arbeidde utanom og til dels på tvers av partia i kampen om røystene. Medan tilhengarane av medlemskap oftast hadde sett at berre dei politiske partia tok del i kampen om røystene, at det helst ikkje burde ha vore halde folkerøysting og at folkerøysting sjeldan bør finne stad, var holdningane mellom fleirtalet av motstandarane akkurat motsett. Skilnadene kjem til syne både mellom dei som blei intervjuva før og mellom dei som blei intervjuva etter folkerøystinga.

Før vi sluttar, vil vi på denne bakgrunnen kome med nokre vurderingar som går på moglege konsekvensar for det norske partisystemet dersom dei resultatane vi har vist i denne artikkelen er gyldige. I undersøkinga som Byrået gjorde, er det lagt opp til analysar som vil kunne seie meir om dette spørsmålet. I denne artikkelen skal vi likevel berre ta opp ein tråd frå dei framlagde resultatane.

Folkerøystinga var ikkje noko val mellom politiske parti. Likevel var dei standpunkt partia hadde til spørsmålet om norsk medlemskap i EF kjende før folkerøystinga. Dei fleste partia engasjerte seg i saka ved å ta standpunkt for eller imot, jamvel om dei formelle vedtaka kunne kome på eit relativt seint tidspunkt. Det er derfor grunn til å tru at spørsmålet om medlemskap i EF kan ha påverka partipreferansane til veljarane. O. Hellevik har gitt ein god analyse av i kva grad veljarane er blitt utsette for det ein kallar krysspress under folkerøystinga: Eit press på den einskilde veljar frå nærmiljø og parti i retning av skifte av standpunkt. (Hellevik 1973). Hellevik analyserer i kva grad veljarane har løyst situasjonen ved å sitje heime under sjølve folkerøystinga. Men i høve til partiet kan veljarane også løyse denne krysspress-situasjonen ved å skifte partipreferansar. Stortingsvalet i 1973 viste vel nettopp at også skifte av partipreferansar må ha gått føre seg i samband med kampanjen for og mot norsk medlemskap. Byråets panelundersøking i samband med stortingsvalet i 1973 gir interessante opplysningar om dette.

Kor stabile desse skifta vil bli, veit ein lite om, men på bakgrunn av dei resultatane vi har lagt fram ovanfor, kan vi kanskje seie noko om kven det i tilfelle er som vil skifte. Styrken av det krysspresset den einskilde veljar kjenner, i høve til partiet, vil vere avhengig av kor sterkt han eller ho identifiserer seg med partiet. I denne samanheng viser undersøkinga at partiidentifikasjonen til veljarane aukar med aukande alder. (Campbell og Valen 1967). Samanhengen mellom alder og identifikasjonsstyrke kjem ikkje så mykje av alderen i seg sjølv, som av lengda på det tidsrom veljarane har identifisert seg med eit parti. Di eldre veljarane er, di større er sjansane for at dei har røysta på og identifisert seg med eit visst parti over eit lengre tidsrom. (Butler og Stokes 1971).

Derfor vil også sjansane for skifte av partipreferansar vere mindre mellom eldre veljarar enn mellom yngre. Sett i samanheng med spørsmålet om verknad av folkerøystinga for partisystemet, vil det derfor vere truleg at dei eldre veljarane løyser ein krysspress-situasjon ved i større grad å dra seg ut av aktiv politikk og halde seg heime valdagen. Dei yngre og særleg dei som røysta for første gong vil derimot ikkje i den grad ha vanskar med å skifte parti fordi dei i liten grad har faste partiidentifikasjonar. At det i første rekkje er dei eldre som vil kjenne krysspress-situasjonen, finn også støtte i samband med folkerøystinga. Av dei som røysta i 1969, men som lot vere å røyste ved folkerøystinga, var nesten halvparten over 50 år medan berre 43 prosent i heile utvalet var så gamle.

På grunnlag av dette skulle det vere ein rimeleg hypotese at verknaden av folkerøystingskampanjen på seinare partival vil vere sterkare mellom dei unge enn mellom dei eldre. Vi kan med andre ord få ein generasjon unge som i stor grad vil vere prega av partimotsetnadene i EF-striden der partipreferansane var skeivt fordelte mellom partia. (Jfr. NOS A 544). Om lag to tredelar av dei unge under 25 år røysta nei mot vel halvparten av alle veljarane.

Om vi kjem til å få ein folkerøystingsgenerasjon med sams holdningar til politiske problem i samfunnet, får likevel seinare undersøkingar vise.

ENGLISH SUMMARY

This publication presents some results from a sample survey carried out in 1972 by the Central Bureau of Statistics in connection with the advisory referendum on Norway's accession to the EC. A main topic has been to analyse the patterns that emerge from the voters' activity in four forms of political participation, and to compare these patterns with our knowledge about political participation at elections for the Storting. The forms of participation are: Discussions about membership of the EC, efforts to influence the opinion of others during such discussions, participation in meetings where Norwegian membership of the EC was on the agenda, and participation in political actions in connection with the membership issue like signing of petitions, demonstrations, strikes etc.

The publication also describes the attitudes of the voters towards the referendum about membership of the EC and towards referendum in general. Besides, the attitude towards the ad hoc-organizations founded with the aim of winning the opinion of voters for one or the other standpoint, is analysed.

It appears from the analysis that the activity of the voters seems to have been much higher in all four forms of political participation in the referendum in 1972 than observed at the Storting elections in 1969. And, not unexpectedly, the social and organizational background of the voters had a great impact upon the activity.

The increase in activity from 1969 to the referendum in 1972 is, however, unevenly distributed on the different social groups. Two groups of voters appear to have been much more active in 1972 than in 1969: Voters with education above primary school level, and the young voters.

At the Storting elections in 1969, age and education seem to have been of relatively minor importance for the active political participation of the voters. What counted most then was whether the voters were members of one or another political party and/or organization. At the referendum in 1972 there is also a relative strong relationship between membership in parties and organizations and political participation, but there is an even stronger relationship between education and participation.

The difference in the relative importance of the various background variables between the referendum and the Storting elections in 1969 is related to some special features of the referendum. At this referendum some of the parties did not take a stand on the membership issue until some months before the referendum. Meanwhile there were founded ad hoc-organizations for or against membership of the EC. Much of the activity in connection with the referendum therefore took place outside the established parties and organizations. In this situation it should not be unexpected that education of the voters would appear to be an important variable.

As for the attitudes towards referendum and ad hoc-organizations, the difference in these attitudes does not appear between different social groups but are mostly marked between people who voted for and people who voted against membership of the EC. This difference appears both among people interviewed before and after the referendum, and can not, therefore, be explained only as an impact of the voting results on the attitudes. The difference must depend on more principal divergences concerning the use of referenda in a representative democratic system. What these divergences are, we are not able to analyse with the data at hand.

REFERANSAR: *REFERENCES:*

- Brox, O. (1972): Hva hendte i Norge 25. sept. 1972. Internasjonal Politikk, Nr. 4B
- Butler, D. og Stokes, D. (1971): Political change in Britain, Pelican Books
- Campbell, A. og Valen, H. (1967): Party identification in Norway and the United States. I A. Campbell et.al.: Elections and the political order. John Wiley and Sons
- Clausen, Aage R. (1969): Response validity: Vote report. The Public Opinion Quarterly, Vol. 32 No. 4
- Coleman, J.S. (1957): Community conflict, The Free Press
- Galtung, J. (1969): Theory and methods in social research, Universitetsforlaget
- Gleditsch, N.P. (1972): Generaler og fotfolk i utakt. Internasjonal Politikk Nr. 4 B
- Hellevik, O. (1971): Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap. Universitetsforlaget
- Hellevik, O. (1973): Endring i standpunkt til norsk EF-medlemsskap. Betydningen av nærmiljø og politiske parti analysert ved hjelp av en krysspressmodell. Institutt for statsvitenskap og Fredsforskningsinstituttet, Stensil.
- Hellevik, O. og Gleditsch, N.P. (1973): The common market decision in Norway. Scandinavian Political Studies 8/1973
- Horton, J.E. og Thompson, W.E. (1962): Powerlessness and political negativism: A study of defeated local referendums, The American Journal of Sociology, Vol. 67, No. 5
- Häggroth, S. (1971): Byalagsrörelsen i Stockholm 1968-1970. Statsvetenskaplig Tidsskrift, nr. 2
- Martinussen, W. (1971): Sosial lagdeling og politiske ressurser. Tidsskrift for Samfunnsforskning, Nr. 4
- Martinussen, W. (1972): Norsk EEC-opinion i forhandlingsåret. Institutt for Statsvitenskap, Stensil
- Martinussen, W. (1973): Fjerndemokrati. Gyldendal Norsk Forlag
- Sparre Nilson, Sten (1972): Politisk avstand ved norske folkeavstemninger. Gyldendal Norsk Forlag
- Statistisk Sentralbyrå (1973): Folkeavstemningen om EF, Hefte II NOS A 544
- Valen, H. og Martinussen, W. (1972): Velgere og politiske frontlinjer. Gyldendal Norsk Forlag

Tabell I. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik sosial bakgrunn. Prosent *Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different social background. Percentages*

	Samtalar <i>Discussions</i>	Påverknad <i>Influencing others</i>	Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	Aksjons- deltaking <i>Participation in actions</i>	Talet på personar som svarte <i>Number of respondents</i>
Kjønn <i>Sex</i>					
Menn <i>Males</i>	64	28	21	10	600
Kvinner <i>Females</i>	56	20	7	5	557
D <i>D</i>	8	8	14	5	
H <i>H</i>	1,14	1,40	3,0	2,0	
Alder <i>Age</i>					
Under 30 år <i>years</i>	66	32	20	11	241
30-49 år <i>years</i>	66	23	15	7	382
50 år og over <i>years and over</i>	54	21	11	6	534
D under 30 år - 50 år og over <i>D ..</i>	12	11	9	5	
H <i>H</i>	1,22	1,52	1,82	1,83	
Utdanning <i>Education</i>					
Folkeskolenivå <i>Primary school level</i>	54	20	10	5	872
Over folkeskolenivå <i>Above primary school level</i>	75	34	23	14	327
D <i>D</i>	21	14	13	9	
H <i>H</i>	1,39	1,70	2,30	2,80	
Inntekt <i>Income</i>					
Under kr. 30 000	53	23	12	7	566
Kr. 30 000-49 900	63	23	14	6	413
Kr. 50 000 og over <i>and over</i>	77	32	19	11	178
D kr. 50 000 og over - under kr. 30 000 <i>D</i>	24	9	7	4	
H <i>H</i>	1,45	1,39	1,58	1,57	

Tabell II. Personar med høg aktivitet. Aktivitetsgrad i utvalde deltakingsformer blant personar med ulik parti- og organisasjonstilknytning. Prosent *Persons with high activity. Degree of activity in selected forms of participation among persons with different connections to parties and organizations. Percentages*

	Samtalar <i>Discussions</i>	Påverknad <i>Influencing others</i>	Møtedeltaking <i>Participation in meetings</i>	Aksjons- deltaking <i>Participation in actions</i>	Talet på personar som svarte <i>Number of respondents</i>
<u>Partimedlemskap <i>Membership of a political party</i></u>					
Ja <i>Yes</i>	71	36	29	15	161
